

# Kunnskapsgrunnlag for regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter

Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2019



Dato for ferdigstilling: 12.04.19.

Kunnskapsgrunnlaget skal danne grunnlag for ei revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter.

Ved spørsmål kontakt plansjef Synnøve Stalheim.

## INNHALDSFORTEGNELSE

Samandrag.....	5
1. Innleiing.....	6
1.1. Handelsomland.....	6
1.2. Senter- og tettstadstruktur.....	7
1.3. Kjøpesenter .....	8
1.4. Sysselsette og omsetning i handelsnæringa.....	9
1.5. Korleis generer dagens handel bilbruk? .....	10
1.6. Konsekvensar for regional planføresegn .....	11
2. Regional handelsanalyse .....	12
2.1. Befolkningsgrunnlag .....	13
2.2. Dekningsgrada for ulike typar handel.....	14
2.2.1. Daglegvarer.....	14
2.2.2. Utvalsvarer .....	15
2.2.1. Unntaksvarer .....	16
2.2.2. Unntak-/utvalsvarer .....	16
2.3. Utvikling i kjøpekrafta.....	17
2.4. Netthandel.....	18
2.5. Handelslekkasjar.....	18
2.5.1. Korleis minske handelslekkasjen? .....	19
2.6. Nasjonale og internasjonale trendar .....	19
2.7. Ein handelsstruktur som gjer at handels- og servicetilbodet i byar, tettstader og grender utfyller og styrkar kvarandre? .....	20
2.8. Konsekvensar for regional planføresegn .....	21
3. Sentrumsutvikling.....	22
3.1. I versus utanfor sentrum .....	22
3.2. Møteplassar i sentrum.....	24
3.3. Tilgjengelege møteplassar .....	25
3.4. Særeigne kvalitetar .....	26
3.5. Utviklingsprogram i fylket.....	27
3.5.1. Levande lokale .....	27
3.5.2. Merkur-programmet .....	28
3.6. Sentrumsavgrensing .....	29
3.6.1. Kva kjenneteiknar dagens sentrumsavgrensingar i fylket? .....	30
3.6.2. Bør ein setje regionale krav for kva kriterium kommunane skal legge til grunn for sine sentrumsavgrensingar? .....	31
3.7. Konsekvensar for regional planføresegn .....	31

4.	Transport, folkehelse, klima og miljø .....	32
4.1.	Transportmønster og transportbehov.....	33
4.2.	Godt tilgjenge for gåande, syklende og kollektivtrafikk .....	33
4.3.	Styrka folkehelse og reduksjon av klimagassutslepp.....	34
4.4.	Parkering og parkeringsregulering .....	35
4.5.	God arealbruk.....	35
4.6.	Konsekvensar for regional planføresegn .....	36
5.	Referansar .....	37
	Vedlegg.....	38
	Vedlegg 1: Definisjonar .....	38
	Vedlegg 2: Oversikt over nasjonale og regionale føringar.....	41
	Vedlegg 3: Oversikt over prosessen .....	46
	Vedlegg 5: Omsetnad i kommunane og fylket 2008-2017 .....	47

## SAMANDRAG

Kunnskapsgrunnlaget syner at det er avgjerande å samle handel innanfor ei tydeleg sentrumsavgrensing i den enkelte by og tettstad for å oppnå mål om attraktive byar og tettstadar i Sogn og Fjordane. Ved å leggje til rette for handel i by- og tettstadsenter, bidreg ein til auka «byliv», samtidig som det gir grunnlag for sosiale møteplassar, kafear og annan service-verksemd. Ei klar geografisk sentrumsavgrensing vil bidra til ei ryddigare og meir eintydig saksbehandling ved nye handelsetableringar. Mange av tettstadane i fylket manglar avgrensing av sentrum, eller har ei sentrumsavgrensing som ikkje er brukbar slik den ligg i dag. For å få kompakte tettstadar, og unngå by- og tettstadspreiing bør det leggjast til rette for at det kan gjennomførast effektive prosessar knytt til utarbeiding av sentrumsavgrensingar.

Fylkes- og regionsenter, samt bustad-, arbeid- serviceregionar er naturleg lokaliseringsstad for handels- og servicetilbod som dekker høvesvis fylket og regionane. Eit avgrensa folketalsgrunnlag gjer det naudsynt å konsentrere handelsetableringane om desse definerte sentra. Dette må til for å få stort nok kundegrnlag og for å gjere det interessant for næringslivet å etablere seg. Ved å legge vedteken senterstruktur til grunn for dei største handelsetableringane kan ein byggje opp om desse sentera som attraktive handels- og servicetilbod for heile fylket. Vidare bør lokale handelstilbod vidareførast i eksisterande kommunesenter, og daglegvarehandel i mindre bygder.

Det eksisterer mange variantar av handelskonsept, og ein definisjon av til dels «kjøpesenter» og arealstorleik vil kunne vere vanskeleg for kommunane å ta stilling til. Det er andre faktorar som kan vere betre eigna for styring mot meir berekraftig by- og tettstadsutvikling, som til dels god lokalisering av handelskonsept og tydelege føringar for utforming. Eksterne handelsetableringar med nye handelsformat, som til dels samlokalisering av storbutikkar i handelparkar, set sentrumshandelen under press. Det bør leggjast tydelege føringar for kvar ein kan etablere denne type handel, samt stille krav om andel av vareutvalet som skal vere plasskrevjande varer i slike konsept.

## 1. INNLEIING

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal revidere «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra». I dag er planføresegna innarbeidd under pkt 3.2.4 i Fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane. Hovuddokumentet, regional plan, vert ikkje revidert i denne omgang då ein ønskjer å setje revisjonen på vent for å utarbeide felles fylkesdelplan for arealbruk for Vestland fylke.

Målet med revisjonsarbeidet er i følge Fylkesrådmann å få ei føresegn som er enkel og tydeleg, eit verktøy i planlegginga i regionen og i kvar enkelt kommune. Føresegna skal fremje regional og lokal utvikling, samt gjere saksbehandling enklare, meir konsekvent og føreseieleg. Målet med handelsføresegna er at den skal bidra til å styrka særeigne kvalitetar i by-, tettstad- og grendesenter og styrke sentrum i byar, tettstader og grender som attraktive møteplassar for befolkninga, samt oppretthalda eller styrke det eksisterande handels- og servicetilbodet i sentrum av byar, tettstader og grender.

Sjølv om eksisterande planføresegn har hatt ei kort virketid – berre to år, har det kome tilbagemeldingar om at den ikkje fungerer godt. I planprogrammet til revisjonsarbeidet er det mellom anna stilt spørsmål ved om det er mogeleg å utvide sentrumsområda og arealgrensene, kva som inngår i dei ulike handelskonsept, om det er det mogeleg å etablere ulike typar handel utanfor det definerte sentrumsområdet, og kor mykje detaljhandel kan ein tillate i eit område regulert til plasskrevjande handel.

Følgjande dokument er førande for arbeid med revisjon av planføresegna:

- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Planprogram for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter, vedteken i fylkesutvalet 03.12.18.
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (vedteken i Fylkestinget april 2018)


I slutten av kvart av dei fire kapitela i dette kunnskapsgrunnlaget er det eit underkapittel med tittelen «konsekvensar for regional planføresegn». I desse underkapitla er dei mest sentrale konsekvensane for den regionale planføresegna trekt ut, og fungerer som samandrag for dei viktigaste funna i dei enkelte kapitla.

### 1.1. Handelsomland

Ein by eller tettstad tener befolkninga i eit nærliggande område. Dette området blir gjerne kalla handelsomland. Den mest nytta metoden blir basert på bruk av administrative grenser som dannar faste omland. Ofte blir regioninndelinga som blir nytta generelt i fylkesplanlegginga lagt til grunn. Det er då enkelt å følgje utviklinga over tid og skaffe statistiske data.

I Sogn og Fjordane får vi slik fire handelsomland: Sunnfjord, Nordfjord, HAFS og Sogn.

- **Sunnfjord** består av Flora, Gaular, Jølster, Førde og Naustdal.
- **Nordfjord** består av Bremanger, Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn.
- **HAFS** består av Gulen, Solund, Hyllestad, Askvoll og Fjaler
- **Sogn** består av Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal og Luster.




Bilde 1: Kartet syner inndeling av kommunar og regionar i Sogn og Fjordane; Nordfjord, Sunnfjord, HAFS og Sogn.

## 1.2. Senter- og tettstadstruktur

Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling (2018) slår fast at Førde er fylkessenter, Sogndal er regionsenter i Sogn, Florø er regionsenter på kysten, medan Nordfjord ikkje har eit dominerande regionsenter (her skal regionsenterfunksjonar delast mellom Måløy, Eid, Sandane og Stryn). Fylkes- og regionsenter er naturleg lokaliseringstad for handels- og servicetilbod som dekker høvesvis fylket og regionane.

Førde, Florø, Sogndal, Nordfjordeid, Stryn, Måløy, Sandane, Dale, Høyanger og Årdal er senter i bustad-, arbeid og serviceregionane (BAS-regionane).

Senterstrukturen skal leggjast til grunn for planlegging, og i sentera i BAS-regionane bør det leggast til rette for å lokalisere handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag, og tener større område enn den einskilde kommunen. Det er ei utfordring at det ikkje er folketalsgrunnlag til å ha handelsetableringar over heile fylket. Eit godt utgangspunkt for å få meir attraktive stader kan vere å satse på denne senterstrukturen i revisjonsarbeidet.



Bilde 2: Kart som syner sentra i BAS-regionane i fylket.

### 1.3. Kjøpesenter

Eit kjøpesenter (også kalla handelssenter) er ei samling av butikkar på ein stad som blir marknadsført under eit eige namn. Butikkane i kjøpesenter er som regel lokalisert i ein bygning eller i fleire bygningar som er bygd saman. Noregs første kjøpesenter blei opna i Bærum i 1953 og senteret hadde ei salsflate på 1 650 kvadratmeter. 16 år seinare var det 11 kjøpesenter i Noreg og kjøpesenteretableringa skaut fart. I 1970 var det 62 kjøpesenter i Noreg, 165 i 1980 og 552 i 1990.

I 1985 kom Sogn og Fjordane sitt første kjøpesenter – Pyramiden senter i Gaupne. Dette kjøpesenteret er framleis i drift.<sup>1</sup>

I dag er det etablert kjøpesenter i ti av tettstadane i fylket. Det er i stor grad overlapp mellom tettstadane det er etablert kjøpesenter i og tettstadane som er definert som senter i BAS-regionane. Unntaka er Gaupne (som har kjøpesenter, men som ikkje er senter i BAS-region) og Høyanger (som er senter i BAS-region, men som ikkje har kjøpesenter).

---

<sup>1</sup> Pyramiden senter, «Pyramiden - Kontakt».



Tabell 1: Oversikt over kvar kjøpesenter i fylket ligg og kor store dei er. Tala er basert på tal frå kommunane, i samsvar med definisjonen nedanfor.

Kommune	Tettstad	Senternamn	Bruksareal BRA (per kjøpesenter)
Eid	Nordfjordeid	AMFI Nordfjord	9 753 m <sup>2</sup>
Fjaler	Dale i Sunnfjord	Dale senter	2 893 m <sup>2</sup>
Flora	Florø	AMFI Florø	9 295 m <sup>2</sup>
Førde	Førde	Elvegården	16 115 m <sup>2</sup>
		Førde Torg	14 130 m <sup>2</sup>
		Øyrane senter	14 707 m <sup>2</sup>
		Handelshuset	29 232 m <sup>2</sup>
Gloppen	Sandane	Coop Extra -bygg	12 156 m <sup>2</sup>
Luster	Gaupne	Pyramiden	4 600 m <sup>2</sup>
Sogndal	Sogndal	AMFI Sogningen	27 000 m <sup>2</sup>
Stryn	Stryn	Stryn torg	5 925 m <sup>2</sup>
Vågsøy	Måløy	Måløy brygge	6 350 m <sup>2</sup>
		Måløy stormarked	7 200 m <sup>2</sup>
Årdal	Øvre Årdal	Årdalsenteret	6 204 m <sup>2</sup>

I denne undersøkinga er kjøpesenter definert i samsvar med «Senterboka»; *handlestader med meir enn 2 500 m<sup>2</sup> handleflate og meir enn fem butikkar*. Fleire av tettstadane har areal for detaljhandel der det er usikkert om ein bør rekne desse som kjøpesenter. Det kan vere færre butikkar enn fem, eller at «senteret» inneheld til dels tenesteyting. Uklare definisjonar av kva som skal reknast som kjøpesenter skapar forskjellig tolking av planføresegna i dag. Denne type definisjonar kan gje utfordringar for å handheve planføresegna og bør unngåast.


#### 1.4. Sysselsette og omsetning i handelsnæringa

I 2017 var det 3951 personar som var sysselsette med arbeidsstad Sogn og Fjordane innanfor det vi reknar som detaljhandelen i butikk. Dette tilsvarar 7,25 prosent av dei som var sysselsett i fylket. Frå 2010 til 2014 auka tal sysselsette i bransjen frå 4202 til 4305, men utviklinga var positiv i nokre år og negativ i andre.

I 2017 omsette detaljhandelen i fylket for 10 120 984 000 kroner. Frå 2008 til 2017 har omsetninga auka med 13,2 % (justert for inflasjon).

Den største delen av omsetnaden var i Førde (29 %), Sogndal (12 %) og Flora (8 %). Næringsgruppene med størst del omsetning var daglegvareforretningar (47,38 %) og bilar og båtar (15,33 %).

Diagram 1: Sysselsette innanfor detaljhandel fordelt på undergrupper, 2017. Kjelde: SBB, tabell 11606.



### 1.5. Korleis generer dagens handel bilbruk?

Reiser i tilknytning til handel utgjer mellom ein tredjedel og ein fjerdedel av alle reiser som blir utført i Norge. Samtidig varierer lengda på desse reisene og kva transportmidlar som blir nytta med handelsverksemda sin lokalisering.<sup>2</sup>

For landet som heilheit er bil det dominerande reisemiddelet ved alle typar innkjøpsreiser – omkring 70 prosent. Det er mest bilbruk i spreiddbygde strøk. Talet handelsreiser per innbyggjar per dag er i snitt ein i dei største tettstadane og litt mindre (0,9) i dei andre tettstadane. Det er først og fremst

<sup>2</sup> Transportøkonomisk institutt, «Fakta om handel, kjøpesenter og transport».

variasjon i tal daglege innkjøp av anna enn daglegvarer som utgjer forskjellen mellom tettstader av ulik størrelse. I dei største tettstadane er tilbodet av slike varer størst, og det innbyr til hyppigare innkjøp.

Norge er prega av eit desentralisert servicetilbod. Dette blir spegla i fordelinga av handelsreisene. 42 prosent går til soner med berre ein butikk. Likevel kan me sjå eit sentralisert mønster der store tilbodskonsentrasjonar trekker til seg ein vesentleg del handelsreisande. Berre 9 prosent av daglegvarebutikkane ligg i kjøpesenter. Likevel er kjøpesentra sin del av daglegvarereisene over 22 prosent.

I Sogn og Fjordane har vi nokre regionale handelssentrum (som Sogndal og Førde). Regionssentra betener eit stort handelsomland og har derfor eit høgt innslag av bilreisande kundar. Men noko av biltrafikken kan også skuldast ulik innretning på sentra. Regionsenter er bygd for å betene eit stort kundegrunnlag og er gjerne lokalisert i nærleiken av hovudvegssystemet (for god biltilgjenge). Ved å legge til rette for bil framfor gåande, syklende og reisande med kollektivtransport endrar ein også transportmønsteret til å vere meir bilbasert enn det som er nødvendig basert på avstand mellom heim og handel. Fleire av tettstadane i fylket har lange avstandar mellom bustad og handel, samt dårleg tilgjenge for gåande og syklende (bratte bakkar). Handel genererer dermed mykje biltrafikk i fylket.

## 1.6. Konsekvensar for regional planføresegn

- ❖ Førde, Florø, Sogndal, Nordfjordeid, Stryn, Måløy, Sandane, Dale, Høyanger og Årdal er peika på som senter i BAS-regionane (bustad-, arbeid- og serviceregionar). I desse tettstadane bør det leggjast til rette for å lokalisere handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag og som tener større område enn den einskilde kommunen. Det er i desse tettstadane/byane det er størst kundegrunnlag til å ha handelsverksemdar.
- ❖ Det eksisterer mange variantar av handelskonsept og ein definisjon av til dels «kjøpesenter» og arealstorleik vil kunne vere vanskeleg for kommunane å forholde seg til. Det er i tillegg andre faktorar som kan vere betre eigna for styring mot meir berekraftig by- og tettstadsutvikling, som til dels lokalisering av handelskonsept og prinsipp for utforming.
- ❖ I Sogn og Fjordane har vi nokre regionale handelssentrum som betener eit stort handelsomland og har difor eit høgt innslag av bilreisande kundar. I mange av tettstadane i fylket er det lange avstandar mellom bustad og handel, samt dårleg tilgjenge for gåande og syklende (bratte bakkar). Handel genererer dermed mykje biltrafikk i fylket.

## 2. REGIONAL HANDELSANALYSE

Målet med ei handelsføresegn er å sikre gode og føreseielege villkår for utvikling av handels- og servicetilbod og legge til rette for ein handelsstruktur i fylket der handels- og servicetilbodet i byar, tettstadar og grender utfyller og styrkar kvarandre.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått utarbeidd ei handelsanalyse for fylket (2016). Vi har nytta relevant informasjon herifrå inn i denne handelsanalysa.

Metoden for den førre og den nye handelsanalysa har mange likskapar, men det er nokre sentrale skilnader. Næringsinndelinga er ulik, for i den nye handelsanalysen har vi nytta den same næringsinndelinga som Hordaland fylkeskommune har nytta i si handelsanalyse. Årsaka er at planføresegna truleg blir vedtatt under tre månadar før Sogn og Fjordane og Hordaland blir til Vestland fylkeskommune. Då er det ein fordel å ha eit felles tal- og analysegrunnlag. Dessutan har vi nytta det gjennomsnittlege forbruket per person for Sogn og Fjordane heller enn Noreg når vi har berekna dekningsgrada. Årsaka er at det då er lettare å sjå handelsfordelinga og –lekkasjane i fylket. I tillegg har vi nytta tal for Vestland og nasjonale tal for å sjå på handelslekkasje frå Sogn og Fjordane til Hordaland og til landet elles.

I handelsanalysen nyttar vi dagens kommunestruktur. Det er to grunnar til dette. Den første er at omsetningstal o.l. er lettast tilgjengeleg på dagens kommunestruktur. Den andre er at det er ein fordel at det er færrest moglege tettstader i ein kommune når vi utfører handelsanalysen. Eventuelle arealavgrensingar i føresegna vil vere stadavhengige, ikkje kommuneavhengige.



Bilde 3: Oskar Andersen/Førde kommune

Under går vi gjennom folketalsutvikling og befolkningsframskrivingar for kommunane og fylket. Deretter går vi gjennom dekningsgrada for kommunane og regionane i Sogn og Fjordane for varegruppene daglegvarer, utvalsvarer, unntaks-/utvalsvarer og unntaksvarer.

## 2.1. Befolkningsgrunnlag

Per 1.1.2018 var det i rett over 110 000 innbyggjarar i Sogn og Fjordane. Kommunen med flest innbyggjarar var Førde med 13 089 innbyggjarar, etterfølgd av Flora (11 988 innbyggjarar), Sogndal (8 059 innbyggjarar) og Stryn (7195 innbyggjarar). Fire kommunar hadde ved inngangen av 2018 færre enn 1 500 innbyggjarar. Desse var: Hyllestad (1378 innbyggjarar), Balestrand (1262 innbyggjarar), Hornindal (1175 innbyggjarar) og Solund (807 innbyggjarar).

Dersom SSB si MMMM-framskriving frå juni 2018 blir oppfylt vil fylket som heilheit oppleve ein befolkningsvekst på 2 prosent. Dette vil gje eit samla innbyggjartal på 112 458 i 2035. Innad i fylket vil det vere store forskjellar. Tolv kommunar vil oppleve vekst i folketalet, medan det er venta at 14 kommunar vil oppleve nedgang i folketalet.

Framskrivinga viser at Sogndal vil få den største prosentvise veksten (25 %) fram mot 2035<sup>3</sup>. Deretter følgjer Fjaler (17 %), Gaular (9 %) og Førde (8%). Sjølv om Sogndal har høgast vekst, vil det ikkje verte den mest folkerike kommunen i fylket. I 2035 vil framleis Førde vere størst, medan Flora og Sogndal vil vere høvesvis den andre og tredje mest folkerike kommunen.

Fire kommunar vil få meir enn 10 prosent folketalsfall i følgje framskrivinga. Desse er Hyllestad (19 %), Årdal (15 %), Vik (13 %) og Hornindal (12 %). Kommunane med færrest innbyggjarar vil vere Balestrand (1 160 innbyggjarar), Hyllestad (1 120 innbyggjarar), Hornindal (1 030 innbyggjarar) og Solund (736 innbyggjarar).

Tabell 2: Folketalsutvikling og befolkningsframskriving for kommunane og fylket. Kjelde: SSB, tabell 11668 og 07459.

Kommune	Folketal 2001	Folketal 2008	Folketal 2018	Endring 2001-2018	Endring 2008-2018	Framskriving 2035	Endring 2018-2035
Askvoll	3379	3065	3052	-10 %	0 %	2776	-9 %
Aurland	1827	1695	1778	-3 %	5 %	1879	6 %
Balestrand	1530	1365	1262	-18 %	-8 %	1160	-8 %
Bremanger	4139	3894	3767	-9 %	-3 %	3431	-9 %
Eid	5800	5854	6157	6 %	5 %	6377	4 %
Fjaler	2936	2849	2846	-3 %	0 %	3339	17 %
Flora	11298	11408	11988	6 %	5 %	12336	3 %
Førde	10647	11650	13089	23 %	12 %	14108	8 %
Gaular	2857	2748	3006	5 %	9 %	3272	9 %
Gloppen	5694	5687	5874	3 %	3 %	6158	5 %
Gulen	2473	2356	2345	-5 %	0 %	2455	5 %
Hornindal	1218	1211	1175	-4 %	-3 %	1030	-12 %
Hyllestad	1558	1505	1378	-12 %	-8 %	1120	-19 %
Høyanger	4653	4374	4154	-11 %	-5 %	3879	-7 %

<sup>3</sup> SSB si MMMM-framskriving frå juni 2018. Framskrivninga viser framskrive folketal på kommunestrukturen frå 2018.

Jølster	2968	2929	3043	3 %	4 %	2930	-4 %
Leikanger	2188	2179	2345	7 %	8 %	2381	2 %
Luster	4954	4870	5223	5 %	7 %	5413	4 %
Lærdal	2201	2169	2153	-2 %	-1 %	1959	-9 %
Naustdal	2728	2668	2825	4 %	6 %	2760	-2 %
Selje	3064	2872	2757	-10 %	-4 %	2567	-7 %
Sogndal	6647	6899	8059	21 %	17 %	10104	25 %
Solund	937	874	807	-14 %	-8 %	736	-9 %
Stryn	6774	6769	7195	6 %	6 %	7632	6 %
Vik	2943	2809	2674	-9 %	-5 %	2315	-13 %
Vågsøy	6417	5998	6001	-6 %	0 %	5846	-3 %
Årdal	5760	5562	5277	-8 %	-5 %	4495	-15 %
<i>Sogn og Fjordane</i>	<i>107590</i>	<i>106259</i>	<i>110230</i>	<i>2 %</i>	<i>4 %</i>	<i>112458</i>	<i>2 %</i>

## 2.2. Dekningsgrada for ulike typar handel

Dekningsgrada for varehandel viser forholdet mellom omsetninga i ein kommune eller region og samla forbruk for busette i det same området i prosent. Forholdet mellom omsetning og forbruk kan seie noko om handelslekkasjar mellom ulike områder.

Ei dekningsgrad rundt 100 prosent betyr at det er god balanse mellom handel og forbruk. Dekningsgrad under 100 prosent betyr at det er ei handelslekkasje til andre regionar, medan ei dekningsgrad over 100 prosent betyr at området trekk til seg handlande frå andre områder.

### 2.2.1. Daglegvarer

Den største delen av omsetnaden innafor daglegvarer finn ein i Førde (15%), Flora (10 %) og Sogndal (9 %). Desse tre kommunane har til saman 34 prosent av omsetnaden, men berre 28 prosent av innbyggjarane i fylket bur i desse tre kommunane. Dette viser at daglegvaretilbodet tener ein større marknad enn sin eigen kommune. Dette gjeld i særleg grad Førde.


Omsetnaden av daglegvarer per busett i Sogn og Fjordane sett under eit har vore vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet. Truleg skuldast dette eit relativt høgt innslag av sommarturistar i fylket. Terminvise data viser relativt sett høgare omsetnad av daglegvarer i sommarmånadane i fylket samanlikna med resten av landet. Ei anna forklaring på den høge daglegvareomsetninga kan vere ein større del «alt-i-eitt-butikkar» (eksempelvis daglegvare med sal av jernvarer) i fylket, spesielt i dei mindre kommunane. Omsetninga i slike butikkar er som regel registrert som daglegvarehandel, då dette er det primære vareutvalet.<sup>4</sup>

Den store skilnaden i dekningsgrader betyr at det er ein del handelslekkasjar mellom kommunane i fylket. Men handelslekkasjen er mindre enn for både utvalsvarer, utvals-/unntaksvarer og unntaksvarer. Dette heng saman med at det generelt er mindre reisevilligheit for kjøp av daglegvarer enn andre varer, og at dei fleste har eit daglegvaretilbod i nærleiken av bustaden eller arbeidsstaden.<sup>5</sup>

<sup>4</sup> Asplan Viak, 2016 «Sogn og Fjordane fylkeskommune. Handelsanalyse for Sogn og Fjordane».

<sup>5</sup> Asplan Viak. 2016 «Sogn og Fjordane fylkeskommune. Handelsanalyse for Sogn og Fjordane».






Bilde 4: Figuren syner dekningsgrad for daglegvarer i dei enkelte kommunane i 2017

### 2.2.2. Utvalsvarer

Utvalsvarer vert definert som detaljvarer som vert seld frå ein fast utsalsstad, men som ikkje er daglegvarer og unntaksvarer<sup>6</sup>. Fleire kommunar har for få butikkar som sel utvalsvarer til at vi kan rekne ut dekningsgrada. Men mange eller alle desse kommunane har truleg eit handelsunderskot innanfor denne varegruppa.

Dekningsgradene (for kommunane det er mogleg å rekne ut dekningsgrader for) er gitt i kartet over. Seks av dei 20 kommune har ei dekningsgrad over 100 prosent, medan dei resterande 14 har ei dekningsgrad under 100 prosent. Dette viser at ein stor del av utvalsvarerhandelen for busette i desse kommunane blir gjort utanfor kommunen sine grenser.



Bilde 5: Figuren syner dekningsgrad for utvalsvarer i dei enkelte kommunane i 2017.

### 2.2.1. Unntaksvarer

Unntaksvarer vert definert som all form for verksemd som inkluderer sal av bilar, motorsyklar, båtar, trelast og større byggjeverer <sup>6</sup>. I fylket har Eid, Gloppen, Førde og Sogndal ei dekningsgrad på over 100 prosent. Det vil seie at omsetnaden innanfor handelsgruppa er høgare enn det ein kan forvente ut frå folketalet i kommunane. Førde og Sogndal peikar seg ut med spesielt høg dekningsgrad på høvesvis 439 prosent og 213 prosent. Med ei så høg dekningsgrad peiker Førde og Sogndal seg ut som eit viktig handelssentrum for unntaksvarer i fylket.

### 2.2.2. Unntak-/utvalsvarer

Både Førde, Gloppen, Stryn, Eid og Askvoll har ei dekningsgrad over 100 prosent. I dei fire siste kommunane er dekningsgrada mellom 109 og 124 prosent, medan dekningsgrada i Førde er på heile 323 prosent. Med ei så høg dekningsgrad peiker Førde seg ut som eit viktig handelssentrum for unntaks- og utvalsvarer i fylket.

<sup>6</sup> Hordaland fylkeskommune, «Mal for handelsanalyse i Hordaland.»



### 2.3. Utvikling i kjøpekrafta

Diagram 2 viser korleis hushalda si disponible realinntekt har endra seg frå andre kvartal 2002 til fjerde kvartal 2017. Det er tydeleg at kjøpekrafta har styrka seg – altså at eit hushald har råd til fleire varer og tenester ved utgangen av 2017 enn dei hadde på starten av 2002<sup>7</sup>.




Diagram 2: Disponibel inntekt i hushalda. Kjelde: Nasjonalrekneskap, inntekts- og kapitalrekneskapet, SSB

Kjøpekraftsparitet er ein måte å illustrere kva land som har høg kjøpekraft og kva land som har låg kjøpekraft. Kjøpekraftspariteten i Norge er sterk samanlikna med resten av verda. Berre Qatar, Macau, Luxemburg, Singapore, Brunei og Irland har høgare kjøpekraftsparitet. Dette betyr at det berre er fem land der ein gjennomsnittleg nordmann vil kunne kjøpe færre varer og tenester for inntekta si enn heime i Norge. Det betyr også at nordmenn får meir for inntekta si andre stader enn i Norge, og dette kan delvis forklare kvifor mange handlar varer frå utlandet – det blir billigare. Den høge kjøpekraftspariteten kan også vere eit hinder for norske nettbutikkar då varene fort kan bli oppfatta som dyre i utlandet.<sup>8</sup>

Den framtidige kjøpekrafta i Norge og utlandet vil påverke kor mykje vi handlar for i norske butikkar. Dersom kjøpekrafta fortsett å stige kan ein vente at forbruket av varer også gjer det, men dersom kjøpekrafta svekkast så kan forbruksveksten stoppe opp eller bli redusert.

<sup>7</sup> «Vekst i husholdningenes disponible realinntekt».

<sup>8</sup> Dessutan spelar toll og frakt inn på sluttsummen.

## 2.4. Netthandel

Årsaka til at folk handlar på nett varierer. Dei to viktigaste årsakene som blir oppgitt er at det er enkelt å handle på nett/forbrukaren sparer tid og at ein kan betale mindre.

I 2018 er det forventa at nordmenn skal handle varer for 49 milliardar kroner i norske og utanlandske nettbutikkar. Frå 2017 til 2018 er det forventa at det totale forbruket for netthandel (både reise, varer og tenester) aukar med 17 prosent. Forklaringa er blant anna at fleire og fleire aldersgrupper handlar på nett og at standarden på nettbutikkane blir høgare.<sup>9</sup>

Det er venta at omfanget, utvalet og omsetninga av netthandel kjem til å auke i framtida. Den faktiske og forventa utviklinga i netthandel gir handelsnæringa i fylket ei rekke utfordringar, men også ei rekke moglegheiter. Netthandel kan truge dei fysiske butikkane i fylket då ein mistar omsetning, men netthandel kan også gjere at butikkar i fylket kan selje varer til resten av landet og verda. Driftig, som ein informasjonskanal for gründerar, idéskaparar og entreprenørar drifta av Sogn og Fjordane fylkeskommune, arrangerer kurs i korleis ein skal starte nettbutikk rundt om fylket.

## 2.5. Handelslekkasjar

Handelslekkasje viser forskjell mellom eit berekna forbruk i eit geografisk område og den verkelege omsetninga i området sine butikkar.

Det er ei rekke handelslekkasjar i Sogn og Fjordane, til Møre og Romsdal og Hordaland (og då spesielt Bergen og til ei viss grad Voss), til landet elles og til utlandet. Eksempelvis er det stor handelslekkasje for detaljhandel (ekskludert daglegvarehandel) innan regionane i fylket. Omsetnaden i både Førde og Sogndal er langt større enn det ein skulle vente ut frå folketalet i dei to kommunane.

Det er viktig å poengtere at handelslekkasjar ikkje nødvendigvis er negativt. Folketalet i fleire av kommunane tilseier at det ikkje er mogleg eller svært utfordrande å drifte ein butikk innanfor visse handelstilbod grunna manglande kundegrunnlag. Eit eksempel på dette er Vinmonopol. Med under 900 innbyggjarar er det ikkje eit stort nok kundegrunnlag til å drifte eit Vinmonopol i Solund. Det nærmaste polet ligg i nabokommunen Askvoll. Sjølv om det at innbyggjarane i Solund handlar polvarer i Askvoll bidreg til ein handelsubalanse, kan eit pol i nabokommunen vere eit god tilbod sjølv om det er lokalisert over kommunegrensa.

Ein del handelslekkasjar heng også saman med at Sogn og Fjordane er eit fylke der mange pendlar. Det er ikkje nødvendigvis slik at tilbodet i heimkommunen og arbeidsstadkommunen er forskjellig, men at ein handlar på veg heim frå jobb.

Trass i at handelslekkasje ofte blir omtalt som noko negativt, noko som trugar det lokale, så kan det også vere ein moglegheit for lokalt næringsliv.

Handelslekkasje kan likevel vere ei stor utfordring for mindre stader. Dersom omsetninga forsvinn vil butikkar måtte legges ned, og ein butikk er både ein viktig arbeidsstad, møteplass og servicetilbod. Derfor kan det være ønskeleg å minske handelslekkasjen både mellom kommunane i Sogn og Fjordane og mellom Sogn og Fjordane og resten av verda.

---

<sup>9</sup> Ditte Maltha Mallund, «Norsk e-handel 2018».

### 2.5.1. Korleis minske handelslekkasjen?

Næringslivet vil sjå på kundegrunnlaget og kjøpekrafta til befolkninga når dei vurderer om dei skal etablere seg ein stad eller ikkje. I tillegg vil dei vurdere konkurrentar og kor dyr ei etablering vil bli (aktuell bygningsmasse/tomt). Eit anna viktig moment er kor føreseieleg kommunen/fylket sine reglar for etablering er, samt korleis det blir lagt til rette med mellom anna infrastruktur.

Fylket har valt å definere nokre regionsenter i fylket ein skal satse på. Ved å prioritere etablering innanfor desse sentra, kan kundegrunnlaget her bli stort nok til å fange interessa frå næringslivet. I regionsentera kan ein legge til rette for gode forhold for gang og sykkel, parkering i randsona av eit avgrensa sentrumsområde, grøntareal/ leikeplassar, samt offentlege funksjonar som skule og bibliotek.

Det offentlege kan vere pådrivarar i etablering av handelssamarbeid (eks. sentrumsforeining med felles opningstid/marknadsføring), kommunen kan stå for regulering, og gje rimeleg tomtegrunn/leiekontrakter til aktuelle bedrifter.

For at forbrukaren skal velje å handle lokalt i staden for å reise til eit anna regionsenter, ut av fylket eller handle på nett – må varetilbodet, servicen og den totale handleopplevinga vere konkurransedyktig.

### 2.6. Nasjonale og internasjonale trendar

I vestlege land har internetthandelen inntatt ein stadig veksande del av omsetninga, med inngrep i stadig fleire segment av detaljhandelen<sup>10</sup>. Frå ganske raskt å ha fått ein dominerande posisjon innanfor delar av tenestemarknaden (reiser, billettsal), gradvis overtaking av marknaden for produkt utan binding til fysisk distribusjon (musikk, film), har salet av bøker og grupper av spesialvarer, elektronikk, klede og skotøy blitt prega av internettløysingar for marknadsføring, utstilling og sal. Sjølv om hovudtyngda av omsetninga framleis går gjennom tradisjonelle kanalar veks netthandel med over 15 % årleg. Trendar i daglegvaremarknaden fram mot 2026 tilseier at det blir færre varehus, det forventast ein reduksjon frå dagens 3800 varehus til 3400. Enkelte aktørar har, på bakgrunn av stor etterspurnad frå kundar, valt å satse på løysingar der kunden bestiller varer på nettet og hentar dei i butikk. Det er likevel svært tøft å oppnå lønnsam drift.

Det er ein tendens at forbrukarar testar produktet i butikk for så å kjøpe på nett, eller sjekke på nett før dei handlar i butikk. Denne type åtferd vert omtalt som «netrooming» og «show-rooming». Vi ser at tradisjonelle varehandelbedrifter har vore dyktige på å utvikle eigne netthandelløysingar i tillegg til ordinær butikkdrift, og såleis kan tilby ulike løysingar for betaling og distribusjon; forbrukarar kan kjøpe varer i butikk for levering heim, eller bestille heime og hente i butikk. Undersøkingar syner at kunden framleis ønskjer å ta på produkta og å la seg inspirere i eit miljø der oppleving og bruk av sansar står i sentrum, for vidare kunne kjøpe på nett. På denne måten forsvinn ikkje butikkane, men dei vil kanskje endre funksjon.

---

<sup>10</sup> Fra sentrumsdød til sentrumsglød, NIBR-rapport, 2018

## 2.7. Ein handelsstruktur som gjer at handels- og servicetilbodet i byar, tettstader og grender utfyller og styrkar kvarandre?

På same måte som at «reisetidstoleransen» til og frå arbeidsplassen er avgrensa, er det også avgrensa kor langt folk er villige til å reise for å nytte seg av handel, teneste og aktivitetstilbod. Generelt er reisetidstoleransen avhengig av kor hyppig ein nyttar seg av dei aktuelle tenestene. Dei færraste er villige til å reise langt for å handle daglegvarer, men kan tolerere noko lenger reisetid for å gå på kino, til dømes. Såleis er mengda av brukarar som krevst for å kunne oppretthalde dei forskjellige typane tenester også svært forskjellig. Tenester av ulik type tener difor omland av svært varierende storleik. Lokalisering av tenester i sentera i fylket må både ta omsyn til at flest mogleg skal ha best mogleg tenestetilbod innanfor rimeleg reisetid, samstundes som folketalsgrunnlaget må ligge som premiss for kva tenester det er grunnlag for å tilby.

Når det gjeld handel og tenesteyting i privat sektor har vi avgrensa moglegheiter til å påverke lokalisering direkte. Næringslokale er oftast i privat eige og blir handla med mellom verksemdar i kjøpe- eller leigemarknaden, utan at offentlege myndigheiter er part. I arealplanar er det likevel kommunane som avgjer kva område som skal disponerast til nye næringsformål, og til ei viss grad kan dei påverka kva type næringar som kan etablere seg i desse områda. For dei offentlege tenestene er moglegheitene til å påverke lokalisering igjennom regional og kommunal planlegging naturlegvis større.

I sentera i BAS-regionane bør det leggjast til rette for å samlokalisere handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag og tener større område enn den einskilde kommunen. Dette skjer i stor grad naturleg ved at verksemdene tek omsyn til kundegrunnlag ved val av lokalisering. Handelsanalysen for Sogn og Fjordane syner at både fylkessenteret og sentera i BAS-regionane har handelsoverskot innanfor dei meir spesialiserte segmenta av varehandelen. Dei kommunale tenestene bør naturlegvis samlokalisere i sentera i BAS på same måte som i kommunesentera. I tillegg bør offentlege tenester som tener folkesetnaden i fleire kommunar ligge i desse sentra. I dag husar sentera i BAS-regionane dei fleste av dei vidaregåande skulane i fylket. Andre døme kan vere spesialiserte helsetenester, eller offentlege kontor som politi eller skattemyndigheit. Større idretts og kulturanlegg som tilbyr meir spesialiserte og «smale» aktivitetstilbod bør også leggjast til sentera i BAS. Det er eit viktig poeng at lokaliseringa av dei offentlege tenestene har ringverknadar for dei kommersielle tenestene, sidan besøkande til offentlege tenester utgjer eit potensielt kundegrunnlag for dei kommersielle.

Det er naturleg at tenester som blir hyppig besøkt, eller som krev lite folketalsgrunnlag for å kunne drivast blir lagde til kommunesentera for å oppretthalde folkesetnaden sin nærleik til desse. Av dei kommersielle tilboda er daglegvarehandelen den viktigaste å nemne, og i mange sentrum i Sogn og Fjordane er dette hovudfunksjonen til sentrumsområdet. Av dei offentlege tilboda bør kommunale kontor knytt til kommuneadministrasjonen ligge i sentrum av kommunesenter. Likeeins NAV- kontor, skule, idrett, legekontor og offentleg tannhelseteneste.

## 2.8. Konsekvensar for regional planføresegn

- ❖ Befolkningsframskriving viser at Sogndal vil få den største prosentvise veksten (25 %) fram mot 2035. Deretter følgjer Fjaler (17 %), Gaular (9%) og Førde (8%). I 2035 vil framleis Førde vere størst, medan Flora og Sogndal vil vere høvesvis den andre og tredje mest folkerike kommunen.
- ❖ Dekningsgrada i Førde er på heile 323 prosent. Med ei så høg dekningsgrad peiker Førde seg ut som eit viktig handelssentrum for unntaks- og utvalsvarer i fylket. Førde og Sogndal peikar seg ut med spesielt høg dekningsgrad på høvesvis 439 prosent og 213 prosent for unntaksvarer, og er viktige handelssentrum for unntaksvarer i fylket.
- ❖ Kjøpekrafta har styrka seg – eit hushald har råd til fleire varer og tenester ved utgangen av 2017 enn dei hadde på starten av 2002. Meir enn halvparten av nordmenn kjøpte klede, sko og tilbehør på nett i 2017. Det er venta at omfanget, utvalet og omsetninga av netthandel kjem til å auke i framtida.
- ❖ I tradisjonelle fysiske butikkar står ikkje innteninga i forhold med utgiftene, og ein er tvunge til å innstille mange verksemder. Undersøkingar syner at kunden framleis ønskjer å ta på produkta og å la seg inspirere i eit miljø der oppleving og bruk av sansar står i sentrum, for vidare kunne kjøpe på nett. På denne måten forsvinn ikkje butikkane, men dei vil kanskje endre funksjon.
- ❖ Lokalisering av tenester i sentera i fylket må både ta omsyn til at flest mogleg skal ha best mogleg tenestetilbod innanfor rimeleg reisetid, samstundes som folketalsgrunnlaget må ligge som premis for kva tenester det er grunnlag for å tilby. Når det gjeld handel og tenesteyting i privat sektor har vi avgrensa moglegheiter til å påverke lokalisering direkte.
- ❖ I sentera i BAS-regionane bør det leggjast til rette for å samlokalisere handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag og tener større område enn den einskilde kommunen. Dette skjer i stor grad naturleg ved at verksemdene tek omsyn til kundegrunnlag ved val av lokalisering.
- ❖ I mange sentrum i Sogn og Fjordane er daglegvarehandelen hovudfunksjonen til sentrumsområdet. Det er naturleg at tenester som blir hyppig besøkt, eller som krev lite folketalsgrunnlag for å kunne drivast blir lagde til kommunesentera for å oppretthalde folkesetnaden sin nærleik til desse.



### 3. SENTRUMSUTVIKLING

Kvar handel og kjøpesenter er lokalisert har stor påverknad for utvikling av sentra og sentruma i fylket. Målet med handelsføresegna er at den skal bidra til å styrka særeigne kvalitetar i by-, tettstad- og grendesenter og styrke sentrum i byar, tettstader og grender som attraktive møteplassar for befolkinga, samt oppretthalda eller styrke det eksisterande handels- og servicetilbodet i sentrum av byar, tettstader og grender.



#### 3.1. I versus utanfor sentrum

Handel er grunnlaget for utvikling av byar og tettstadar, og mykje av sentrumsområda sin historie og bygningar er knytt til handelsverksemd. Handel, inkludert daglegvare, er i tillegg det som gir flest menneske i by og tettstadsentera, og deretter arbeid og service<sup>11</sup>. Ved å leggje til rette for handel i by- og tettstadsenter, bidreg ein difor til auka «byliv», samtidig som det gir grunnlag for sosiale møteplassar, kafear og annan service-verksemd.

I ein rapport frå Transportøkonomisk institutt av Tennøy mfl. (2015) fann ein at sentrum tapar kampen om viktige handels- og servicebedrifter mellom anna fordi gardeigarstrukturen i sentrum gjer sentrum dårlegare rusta til å konkurrere med kjøpesenter<sup>12</sup>. Både handelen og kjøpesentera er organisert i store einingar, medan gardeigarane i sentrum ofte er mange og små. Ei mogleg forklaring på kvifor sentrum tapar terreng innanfor handel er ikkje berre knytt til utbygging eller utviding av kjøpesenter. Utviklinga av andre handelsformat over tid har blitt meir utfordrande for sentrumshandelen enn kjøpesenterutviklinga. Handel utanom kjøpesenter, dvs. omsetningsvekst i plasskrevjande handel og nye handelsformat, som for eksempel samlokalisering av storbutikkar i

<sup>11</sup> Fra sentrumsdød til sentrumsglød, NIBR-rapport, 2018

<sup>12</sup> Transportøkonomisk institutt 2015. Kunnskapsstatus Handel, tilgjengelighet og bymiljø i sentrum

handelsparker eller opning av meir frittliggande stormarknader, har hatt vesentleg betydning og sett sentrumshandelen under press.

Utviklinga av nye storformat (stormarknader og handelsparker) har gjort tradisjonelle kjøpesenter og ikkje minst sentrumshandelen si stilling utsett. Ein annan grunn til at handelsomsetnaden i sentrum har mindre tilvekst er at tyngdepunktet i befolkninga stadig flyttast vekk frå sentrum. Tilveksten i befolkninga kjem i størst grad utanfor sentrum, og denne bustadlokaliseringa fører med seg etablering av handelsbedrifter i dei lokale områda.

TØI (transportøkonomisk institutt) kjem med tre strategiar for å styrke sentrum i norske byar:

- Stopp eller reduksjon i utbygging av eksterne handleområde vil redusere konkurransen om kundar og butikkar, og styrke moglegheitene for vekst og utvikling i sentrum.
- Meir sentral utbygging av arbeidsplassar og bustader vil gjere sentrum lettare tilgjengeleg for ein større andel av innbyggjarane, bidra til meir liv og aktivitet i sentrum og auke sentrum si konkurransekraft.
- Ei areal- og transportutvikling som gir lågare bilavhengigheit og større andelar av reisene med kollektivtrafikk, sykkel og til fots styrkar sentrum si konkurransekraft.

Transportøkonomisk institutt (TØI) viser til ei analyse der Strand mfl. (2014) analyserte kvifor sentrum sine marknadsandelar endrast i dei enkelte byane<sup>13</sup>. Reduksjon i sentrum sin andel av omsetninga forklarast med at det ofte anten har skjedd ei utbygging eller utviding av eksternt lokaliserte handelområde. Stagnasjonen i Ålesund sentrum forklarast til dels med store utvidingar av eksternt lokalisert handel på Moa, ca. 10 km frå sentrum. Asplan Viak forklarar på same måte reduksjon i omsetning i Kristiansand sentrum med ei auke i omsetninga på kjøpesenteret Sørlandsparken utanfor sentrum.

Det er likevel ikkje slik at all detaljhandel bør skje i sentrum; for innbyggjarar, transportsystemet og miljøet kan det vere ein fordel at folk kan utføre handel og service i nærleiken av bustaden. Difor kan det vere rett å byggje ut lokale tilbod eller senter i direkte tilknytning til store og tette bustadkonsentrasjonar. TØI forklarar at det er viktig at storleiken og tilbodet i desse sentera tilpassast at dei skal vere lokalsenter for eit visst område. Dersom det tillatast å byggje større og med eit stort mangfald i varer, må sentrum hente inn leigetakarar og trekkje kundar frå eit større omland. Dette betyr større konkurranse mot sentrum, og er særskilt kritisk i mindre tettstader og byar. Det same gjeld utviding av eksternt lokalisert handel. Mindre byar og tettstadar er særleg sårbare for slike eksternt lokaliserte handelområde fordi denne type etableringar vil ta større andelar av marknaden enn i dei større byane. Samtidig vil færre reise til sentrum når tilbodet synk under ei kritisk masse, og dette gir ein negativ spiral som er meir til stades i dei mindre byane/tettstadane.

---

<sup>13</sup> TØI 2014 «Detaljvarehandel i 20 bykommuner» Rapport nr 1303/2014.



Diagram 3: Figuren over syner kva aspekt ved bymiljøet handelsaktørane legg vekt på når dei vurderar om dei vil lokalisere seg i sentrum<sup>14</sup>.

### 3.2. Møteplassar i sentrum

Møteplassar oppstår der fleire aktivitetar er samla nært kvarandre og opnar for samhandling. Møter for felles arenaer betrar kontakten mellom menneske, og sosiale møteplassar kan vere spesielt viktig

<sup>14</sup> Transportøkonomisk institutt 2015. Kunnskapsstatus Handel, tilgjengelighet og bymiljø i sentrum



for tilflyttarar og innvandrarar som ein arena for å bli kjent i lokalmiljøet. I tillegg er det viktig å leggje særskilt til rette for at ungdom har møteplassar som er uavhengige av fritidsaktivitetar.

Å kunne møtast på kafear, bibliotek, kulturhus eller andre møteplassar, er viktig for trivsel og stadtilhøyrse<sup>15</sup>. Møteplassar i form av kulturtilbod viser seg å trekke til seg innbyggjarar med høgare utdanning<sup>16</sup>. Tilrettelegging for sambruk er viktig. Ein føresetnad for at tettstaden skal opplevast som godt fungerande og som «levande møteplass» er at flest mogleg tilbod og funksjonar er lokaliserte i sentrum, eventuelt i gangavstand. Handel, service, næring og kultur bør lokaliserast i sentrum.

Handel utgjer i stor grad grunnlaget for utvikling av byar og tettstader, og er den faktoren som i størst grad gir flest menneske til byen. Det er kjent at handelsetableringar andre stader utanfor sentrum vil konkurrere med handelen i sentrum, og gjere det vanskelegare å få ein god omsetnad her. Andre handelsetableringar vil med stor sikkerheit medføre mindre grad av «byliv» og gje eit dårlegare grunnlag for sosiale møteplassar.

Diagrammet nedanfor syner kva som er føremålet med opphaldet i sentrum ved ei undersøking i Oslo sentrum<sup>17</sup>.




Diagram 4: Føremål med opphaldet i sentrum (etter data frå Gehl Architects 2014<sup>17</sup>). Eiga framstilling

### 3.3. Tilgjengelege møteplassar

Sentralitet er ein viktig attraktivitetsfaktor. I tillegg kan styrking av sentrum i tettstaden representere ei berekraftig stadutvikling ved å motverke tendensen til at sentrum tapar delar av marknaden til eksternt lokalisert handel og slik genererer auka transport. Dersom utviklinga skjer i ytterkanten av sentrum, blir stadene meir bilavhengige og sentrum mindre tilgjengeleg og attraktivt. Større

<sup>15</sup> Distriktssenteret 2016. «Med hjarte for den rette staden».

<sup>16</sup> Vareide og Hauge, «Kultur påvirker valg av bosted. 2018.

<sup>17</sup> Gehl Architects (2014) Bylivsundersøking Oslo sentrum.

konsentrasjon gjer det mogleg å vinne konkurransen om den mest attraktive handelskapitalen, noko som kan ha økonomiske ringverknader til andre verksemder og gje bidrag til investering i stadutvikling. Like avgjerande er sentral plassering av publikumsretta offentlege tenester.

Bygningar i sentrum bør ha aktive, opne fasadar i fyrste etasje mot handlegater og sentrale byrom. Sentrum bør ha funksjonsblanding med høg bustaddel. Bustader i sentrum kan gje auka aktivitet gjennom døgeret og bidra til å skape eit betre økonomisk grunnlag for butikkar, tenester og opplevingstilbod. Ved fortetting og endra arealbruk bør tomteutnyttinga vere høg, men tilpassa eksisterande lokalmiljø og stadidentiteten. For å styrke sentrumsutviklinga bør arealbruken i sentrumsområda avklarast heilskapleg gjennom kommuneplan og/eller områdereguleringsplan i offentleg regi.

Ein struktur av grønne område og felles uteareal er ein viktig kvalitet, og gir auka andel offentlege rom i tettstaden/byen. Grønnstrukturen med parkar, grøntareal og ulike naturområde bør knytast saman med den urbane strukturen. Tilgang til vatn, anten det er bekkefar, elv, innsjø eller sjø er også ein viktig kvalitet for ein stad. Områda bør så langt det er mogleg vere universelt utforma, og tilgjengelege for alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå.

### 3.4. Særeigne kvalitetar

Mennesket er sosialt og treng å vere i lag med andre. For å stette dette behovet, men også for å ha gode effektive samfunn, har folk i alle tider samla bustader, handel og andre funksjonar i tettstader og byar. Tettstadene har vakse fram steg for steg. Plassering i landskapet, samt dei bygde og naturgitte fysiske strukturane er med på å gi staden særpreg. Staden betyr noko for folk som ferdast her, og legg rammene for kva for eit liv dei skal leve.

Samfunnet har endra seg mykje dei siste femti åra; til dømes er det no vanleg at mor, far og besteforeldre er i arbeid utanfor heimen. Arbeid i primærnæringane er mindre vanleg, fleire har arbeid på kontor, barna er i barnhage, vi nyttar meir bil, vi oppheld oss meir inne, og nye byggemetodar gjer at bygg kan vere større. Slike endringar betyr mykje for våre fysiske strukturar slik som behov for vegareal, parkering og større tomtegrunn. Mange tettstader har lagt vegar langs sjølina og slik fjerna folk sin kontakt med sjøen. Andre endringar kan vere at offentlege funksjonar (som skule eller sjukehus) plasserast utanfor sentrum og drar folk – og deretter busetnad og næring - med seg dit.

Det er ofte meir økonomisk for handelsnæringa å etablere seg i større einingar utanfor tettstadene. Då kan ein få samla fleire aktørar i same store bygg, tomtekostnaden er lågare, det er godt med parkeringsareal, samt at det ofte er billigare å bygge nytt enn å oppgradere gamle bygg til dagens krav. Slike endringar betyr at mykje av handelen er flytta ut av sentrum, og at tradisjonelle handlegater ligg tomme for innhald og folk. «Alle» vil ha den gamle handlegata full av liv, men dei fleste vel likevel å bruke bilen til eit større handlesenter der ein kan parkere gratis og vandre under tak frå butikk til butikk. Handlegatene på mindre stader er ikkje slik vi hugsa dei frå «gamle dagar»: full av kvinner og barn som vitjar den lokale bakaren, meieriet, kolonialen, fiskebutikken, kjøtbutikken, jernvarehandelen. Nokre stader har likevel greidd å halde på identiteten til delar av tettstaden. Døme på dette kan vere Lærdal, Florø og Eidsgata i Eid.

Når særpreget til ein stad forsvinn vil nokre spørje seg om staden er attraktiv – kvifor skal eg bu her i staden for i ein større norsk by dersom her ikkje er noko som gir meirverdi? Skal møtestadane vere i handelshus/kjøpesenter utanfor sentrum vil vi misse kvalitetane som dei gamle stadane er bygd opp kring.

Nokre stadar har etablert større handelseiningar (t.d. kjøpesenter) i det gamle sentrumet. Desse bygga er ofte dominerande og lite tilpassa etablert bygningsstruktur. Det som særprega ein stad er vanskeleg å skape inni eit stort bygg, men det er mogleg å tilpasse ved å opne opp første etasje med aktive fasadar, ha parkering i kjellar, og tilpasse bygget til omgjevnadene med bruk av tradisjonelt materialval og volum tilpassa staden.

Det går og an å ta vare på dei gamle fasadane og bygge nytt bakom for å få nok areal til moderne butikkar. Nokre utfordringar - som let seg løyse - er varelevering, avfallshandtering, krav til brann og universell tilgjenge. Når det i tillegg blir sett krav om arkitektonisk kvalitet og materialval kan dette bli kostbare bygg. Med leilegheiter i dei øvste etasjane kan bustadene vere med å finansiere bygga samstundes som ein bring folk inn i sentrum. Samarbeid mellom dei som eig og driv butikkar i sentrum i forhold til t.d. felles opningstider, marknadsføring, type handelstilbod, kan skape «kjøpesenter» i småskala på gateplan.

Det er ikkje heilt svart og det er mogleg å gjere tiltak for å bringe nytt liv i dei gamle sentera. Då må ein ha tydelege politikarar og administrasjon, eit lokalengasjert næringsliv og eit stort nok befolkningsgrunnlag som stettar opp om dei lokale butikkane.

### 3.5. Utviklingsprogram i fylket

Dei siste åra har fleire kommunar, tettstader og butikkar i Sogn og Fjordane vore del av ulike utviklingsprogram. Under viser vi til lærdom frå to av utviklingsprogramma: *Levande lokale* og *Merkur-programmet*.

#### 3.5.1. Levande lokale

Mange små og mellomstore byar har erfart at område som før var eit pulserande hjarte i byen no er halvøde med fleire tomme butikklokale og andre næringslokale. Negative spiralar for handelsliv og gateliv har vore vanskelege å snu og behovet for å tenke nytt om sentrumsutvikling har blitt tydelegare. DOGA design og arkitektur Norge sette våren 2016 i gang pilotprosjektet «Levande lokale»<sup>18</sup> i tre ulike kommunar: Tromsø, Arendal og Lærdal.



Levande lokale-prosjektet har brakt fram ein del konkrete erfaringar med det praktiske arbeidet som må bli formidla til andre som arbeidar med tilsvarande vitalisering av tomme lokale og byrom. Nokon av erfaringane er knytt til konkrete utfordringar som har representert barrierar eller hindringar og det har vore jobba med å finne gode løysningar. Det knyter seg til tema:

- Finne og formidle lokale
- Økonomi og leigeavtalar
- Regelverk og formalia

<sup>18</sup> Fra sentrumsdød til sentrumsglød, NIBR-rapport, 2018

Gjennom undersøkinga av dei tre pilotkommunane kom det tydeleg fram at alle stadane har eit særeige forhold til det som ein gong var hjartet i byen eller bygdebyen. Det er forbunde ein sosial dimensjon, og innslag av stadidentitet og stadstilhøyrse, samt emosjonelle eller symbolske element med aktivitetar eller verksemder i dei ledige lokala i desse områda. Å sjå føre seg desse aktivitetane eller verksemdene på eit kjøpesenter kan verke framandt. Vi kan med dette skimte kva som kan vere eit konkurransefortrinn for sentrum i framtida når netthandel bidreg til at kjøpesenter utanfor bykjernar får problem med å fylle opp lokala sine.

### 3.5.2. Merkur-programmet

Merkur-programmet er eit utviklingsprogram for butikkar i distrikts-Norge. Målet er å sikre folk i distrikta tilgang til ein nærbutikk av god kvalitet. Merkur arbeider for at butikkane skal få tilleggstenester som aukar lønnsmda og gir innbyggerane i lokalsamfunnet betre tenester. Utvikling av butikken som sosial arena er eit viktig satsingsområde for Merkur-programmet.

Nærbutikken er avgjerande for at folk skal bu og trivast på bygdene. Det er vanskeleg å få folk til å busetje seg utanom byar og tettstader dersom dei ikkje har tilgang til ein butikk. Nærbutikken er like viktig som skule og barnehage.<sup>19</sup> Utkantbutikkane er svært viktige for lokalsamfunna, samtidig har villkåra butikkdrift blitt svekka. Dei viktigaste årsakene til svekka konkurransevne er skjerpa konkurranse frå sentrumsbutikkar, fråflytting og arbeidspendling.<sup>20</sup>

Kommunane Flora, Askvoll, Fjaler, Stryn, Luster, Aurland og Lærdal med 1-5 nærbutikkar i kvar kommune er handplukka til å vere med i prosjektet «Kommunen og nærbutikken» i perioden våren 2017-2019. Det at så mange kommunar og butikkar er med i eit slikt prosjekt viser både viljen til å satse på nærbutikkane og kor store utfordringar nærbutikken står ovanfor visse stader i fylket.

Det at kommunane vart involvert i prosjektet har, ifølgje ein rapport for Merkur-programmet, vore avgjerande for at kommunepolitikarar si forståing av distriktbutikkane si betyding. Distriktbutikkane har fleire funksjonar utover det å «berre» selje daglegvarer; dei yt tenester til lokalbefolkninga, både yngre og eldre. Butikken er ein viktig møteplass og den viktigaste sosiale arenaen i mange bygder. At fleire av kommunane i prosjektet no betalar butikane for både tenester dei alltid har utført, samt ny-utvikla tilbod, viser at politikarane er meir bevisst på butikane si betyding for distrikt og kommune. Med meir investering i lokalbutikkane knytt til tiltak og aktivitetar har ein synleggjort lokalbutikken sin funksjon som møteplass og sosial arena.

### 3.6. Sentrumsavgrensing

Statistisk Sentralbyrå (SSB) har gjennomført ei sentrumsavgrensing for større tettstader i alle fylke. Kartlegginga blir oppdatert årleg. Dette er eit objektivt utgangspunkt når det gjeld avgrensing av sentrum i kommuneplanen, jf. SSB sin kartportal definerer sentrumssoner slik: «En sentrumssone er et område satt sammen av en eller flere sentrumskjerner og en sone på 100 meter rundt.

En sentrumsjerne er et område med mer enn tre ulike hovednæringsgrupper med sentrumsfunksjoner. I tillegg til detaljvarehandel, må offentlig administrasjon eller helse- og

---

<sup>19</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet, «Merkur-programmet».

<sup>20</sup> Møreforsking, «Merkur leker ikke butikk - resultateffektivisering og forvaltningseffektivitet ved KMDs satsing på utkantbutikker».

sosialtjenester eller annen sosial og personlig service være representert. Avstanden mellom bedriftene skal ikke være mer enn 50 meter. Det må være minst 50 ansatte.»

SSB sin definisjon gjer at mange av dei stadene som blir oppfatta som sentrale i Sogn og Fjordane, til dømes kommunesenter eller senter i tettstader og bygder, ikkje blir omfatta. Mange av kommunane i Sogn og Fjordane blir per definisjon ståande utan eit sentrum. Det er difor behov for å etablere ein litt annan definisjon av sentrum, som er betre eigna for å skildre situasjonen i Sogn og Fjordane.

Med sentrum meiner vi eit fysisk avgrensa område med ein viss tettleik av bustader og tenestetilbod. Tettleiken og tenestemangfaldet i sentrum vil variere frå stad til stad, og ein kommune kan ha fleire sentrum. Til dømes har mange kommunar, i tillegg til kommunesentrum, eit eller fleire bygdesentrum. Dette vil spesielt bli aktuelt i dei kommunane som blir slått saman i planperioden, der det vil vere naturleg at også dei tidlegare kommunesentera blir definert som sentrumsområde.

I tråd med eksisterande Regional planføresegn for lokalisering av handel og kjøpesentra skal «avgrensing av sentrumsområde (...) vere fastsett i gjeldande kommuneplan, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan». Det er altså kommunen som sjølv definerer den nøyaktige avgrensinga for sentrum. Kommunen kan avgrense fleire sentrum i kommunen gjennom kommuneplanen. Avgrensinga må vere eintydig og juridisk bindande.

Avgrensing av sentrumsområde i ein tettstad eller by synleggjer kvar ein ønskjer å lokalisere handel og andre, publikumsretta eller besøks-/ arbeidsplassintensive funksjonar. Utstrekninga av sentrum bør stå i forhold til senteret sin storleik, med ambisjon om utvikling av ein tydeleg møteplass i grendesenter og ein meir konsentrert kjerne i større tettstadar. Erfaringar frå andre fylker syner at det kan vere ei utfordring å gjere sentrumsavgrensinga lita nok, slik at sentrum heng saman. Ein bør naturleg kunne gå frå den eine enden til den andre utan å nytte seg av bilen – slik at ein ikkje risikerer oppsplitting i funksjonelle og konkurrerande delområde. Sentrum må likevel ha areal til utvikling av handel, service, kontor og andre funksjonar. Før det eventuelt vurderast å utvide ei sentrumsavgrensing bør det gjennomgåast om det er andre tiltak som kan gje tilstrekkelege utviklingsmoglegheiter innanfor eksisterande sentrum.

Miljødirektoratet har denne anbefalinga for avgrensing av sentrumsområde i byar og tettstadar<sup>21</sup>:

- Mellomstore byar – maks 600-800 m gangavstand frå ytterkant til ytterkant
- Mindre byar – maks 400-600 m gangavstand frå ytterkant til ytterkant

### 3.6.1. Kva kjenneteiknar dagens sentrumsavgrensingar i fylket?

I gjeldande føresegn er det sett krav om at sentrumsavgrensing skal vere fastsett i gjeldande kommuneplan eller i områdereguleringsplan. Det er viktig at ein utarbeider ei klar geografisk avgrensing av sentrum gjennom planarbeid for å samle handel og aktivitet. Det er kjent at samling av funksjonar mellom anna aukar attraktiviteten og får mindre transport. Overordna rammer knytt til avgrensing av sentrum vil i tillegg bidra til ei ryddigare og meir eintydig saksbehandling ved framtidige søknader om utbygging eller utviding av handelskonsept. Det sentrale handelsområdet


---

<sup>21</sup> Miljødirektoratet, 2001. Planlegging av by- og tettstedsstruktur.



eller sentrumskjerna fell ofte saman med «den historiske byen» og blir kjenneteikna av «bymessig bebyggelse, høg arealutnytting, høg tettheit av sentrumsfunksjonar og høgt aktivitetsnivå»<sup>22</sup>.

Det er få tettstadar i fylket som har tydeleg sentrumsavgrensing. Dei færreste kommunane har juridisk linje i kommuneplanen sin arealdel som definerer sentrumsavgrensing. Flora kommune har ei slik avgrensing i kommunedelplan for Florø, medan Førde og Stryn har sentrumsavgrensing i arealdelen. Eid kommune har nyleg hatt ein avgrensa revisjon av kommuneplanen sin arealdel med sentrumsavgrensing som einaste tema. I denne revisjonen er det sett linje/soner for avgrensing av sentrum.



Bilde 6: Sentrumsavgrensing i Førde. Sone 01 viser den indre sentrumssona. Kjelde: Førde sentrumsstrategi 2018-2030

Tabell 3: Oversikt over status for sentrumsavgrensing i BAS-sentera i Sogn og Fjordane.

BAS-senter	Sentrumsavgrensingar	Planlagde sentrumsavgrensingar
Nordfjardeid	Ja, har nyleg utarbeidd	Nordfjardeid
Dale	Nei	Revisjon av arealdelen, sterk oppmoding om å avgrense sentrum.
Florø	Ja, i kommunedelplan	
Førde	Ja, i arealdelen	
Gloppen	Nei	Arealdel under revisjon, sterk tilråding om å avgrense sentrum på Sandane.
Høyanger	Ikkje kjent	
Sogndal	Nei, men sentrumsføremål	
Stryn	Ja, i kommunedelplan	Kjem ny avgrensing i områdeplan for Stryn sentrum
Vågsøy	Nei	Planlagt i arealdelen og områdeplan, men ikkje fullført
Årdal	Nei	Har sentrumsføremål i arealdelen

<sup>22</sup> Miljøverndepartementet, «Planlegging av by- og tettstedsstruktur - oppfølging av kjøpesenterstoppen i regionale planer», 9.

Fleire av kommunane i fylket definert sentrum i tettstader gjennom sentrumsføremål i kommuneplanane. Den sistnemnde metoden for sentrumsavgrensing, der sentrum er avgrensa av reguleringsføremål, kan gje oppstykkja sentrumsområde, og er såleis lite gunstig for utvikling av kompakte byar og tettstadar, og eit mål om til dels transport med gange og sykkel. Konsekvensen er at kommunane har mindre kontroll på kvar sentrumsutviklinga skjer og kan medføre by/tettstadspreiing. Fleire av kommunane i fylket har sett i gong revisjon av arealdelen til kommuneplan, og vert oppmoda om å avgrense sentrum i dette arbeidet.

### 3.6.2. Bør ein setje regionale krav for kva kriterium kommunane skal legge til grunn for sine sentrumsavgrensingar?

Med ei befolkning i Sogn og Fjordane fylke på 110.000 menneske, er det naudsynt å velje nokre stader der det kan satsast på handel. Fylket har definert nokre slike regionsenter som det skal satsast på. Dette gir eit føreseieleg kundegrnlag for næring som vil satse i Sogn og Fjordane. Blir desse sentera for mange, blir kundegrnlaget kanskje for lite til at næringslivet vel å investere her.

Sentera i fylket er veldig ulike, og det er difor vanskeleg å setje ein passar i sentrum og lage ein standard radius som er lik for alle. Gjennom retningsliner i føresegnene kan ein legge føringar som kommunane kan forhalda seg til i fastsetjing av sentrumsavgrensinga.

### 3.7. Konsekvensar for regional planføresegn

- ❖ Ved å leggje til rette for handel i by- og tettstadsenter, bidreg ein til auka «byliv», samtidig som det gir grunnlag for sosiale møteplassar, kafear og annan service-verksemd. Handel utanom kjøpesenter, dvs. omsetningsvekst i plasskrevjande handel og nye handelsformat, som for eksempel samlokalisering av storbutikker i handelparkar eller opning av meir frittliggande stormarknader, har hatt vesentleg betyding og sett sentrumshandelen under press.
- ❖ Sentrum tapar kampen om viktige handels- og servicebedrifter mellom anna fordi gardeigarstrukturen i sentrum gjer sentrum dårlegare rusta til å konkurrere med kjøpesenter om desse bedriftene. Både handelen og kjøpesentera er organisert i store einingar, medan gardeigarane i sentrum ofte er mange og små.
- ❖ Ei klar geografisk sentrumsavgrensing vil bidra til ei ryddigare og meir eintydig saksbehandling ved nye handelsetableringar. Mange av tettstadane i fylket manglar avgrensing av sentrum, eller har ei sentrumsavgrensing som ikkje er brukbar slik den ligg i dag. Det bør leggst til rette for at det kan gjennomførast enkle prosessar knytt til utarbeiding av sentrumsavgrensingar.
- ❖ For innbyggjarar, transportsystemet og miljøet kan det vere ein fordel at folk kan utføre handel og service i nærleiken av bustaden. Storleiken og tilbodet i desse sentera bør tilpassast at dei skal vere lokalsenter for eit visst område. Dersom det tillatast å bygge større og med eit stort mangfald i varer gir dette større konkurranse mot sentrum.

- ❖ Ein føresetnad for at tettstaden skal opplevast som godt fungerande og som «levande møteplass» er at flest mogleg tilbod og funksjonar er lokaliserte i sentrum, eventuelt i gangavstand. Handel utgjer i stor grad grunnlaget for utvikling av byar og tettstader, og er den faktoren som i størst grad gir flest menneske til byen. Eksterne handelsetableringar vil med stor sikkerheit medføre mindre grad av «byliv» og gje eit dårlegare grunnlag for sosiale møteplassar.
- ❖ Det er forbunde ein sosial dimensjon, innslag av stadidentitet og stadtilhøyrse, samt emosjonelle element med aktivitetar eller verksemder i tomme lokale i sentrum. På denne måten kan sentrum ha eit konkurransefortrinn i framtida når netthandelen bidreg til at kjøpesenter utanfor bykjernar får problem med å fylle opp lokala sine.
- ❖ Nærbutikken er avgjerande for at folk skal bu og trivast på bygdene. Det er vanskeleg å få folk til å busetje seg utanom byar og tettstader dersom dei ikkje har tilgang til ein butikk. Distriktbutikkane har fleire funksjonar utover det å «berre» selje daglegvarer; dei yt tenester til lokalbefolkninga, både yngre og eldre. Butikken er ein viktig møteplass og den viktigaste sosiale arenaen i mange bygder.
- ❖ Utstrekninga av sentrum bør stå i forhold til senteret sin storleik, med ambisjon om utvikling av ein tydeleg møteplass i grendesenter og ein meir konsentrert kjerne i større tettstadar. Ein bør naturleg kunne gå frå den eine enden til den andre utan å nytte seg av bilen – slik at ein ikkje risikerer oppsplitting i funksjonelle og konkurrerende delområde. Før det eventuelt vurderast å utvide ei sentrumsavgrensing bør det gjennomgåast om det er andre tiltak som kan gje tilstrekkelege utviklingsmoglegheiter innanfor eksisterande sentrum.
- ❖ I sentrum bør bygningar ha god arkitektonisk utforming, med aktive, opne fasadar i fyrste etasje mot handlegater og sentrale uterom. Nytt bruksareal for detaljhandel bør lokaliserast innanfor sentrumsområder som er definert i kommuneplan eller områderegulering.

#### 4. TRANSPORT, FOLKEHELSE, KLIMA OG MILJØ

Kvar handel og kjøpesenter er lokalisert påverkar både transportmønsteret og –behovet til innbyggjarane, og vil såleis påverke både folkehelse, klima og miljø.

Målet med handelsføresegna er å bidra til å sikre at handel er godt tilgjengelege for reisande med kollektivtransport, syklande og gåande, samt redusere inngrep i landbruks-, natur- og friluftsområder og følgje opp nasjonale og regionale mål om jordvern og bevaring av det biologiske mangfaldet.





Bilde 7: Guus Baggersmans/unsplash

#### 4.1. Transportmønster og transportbehov

Ulike lokaliseringar av handelskonsept påverkar transportmønsteret og transportbehovet i stor grad. Eit viktig utgangspunkt for at eit senter skal fungere optimalt er at flest mogeleg tilbod og funksjonar er lokalisert innanfor ei gangbar kjerne. I større tettstader er ein ofte villig til å gå lengre dersom det er lett å finne fram, er trygt å gå, og det er godt tilrettelagt for gåande. Når det gjeld daglege gjeremål blir gangavstand ofte rekna som opptil ein kilometer, avhengig av kva gjeremål ein har. For innkjøp av daglegvarer blir akseptabel gangavstand ofte redusert til 500 meter. Stigningar i terrenget reduserer avstanden folk er villige til å gå. Når det gjeld akseptabel sykkelavstand til daglege gjeremål blir denne ofte rekna til 5 km. Også her vil terrenget spele inn. Bruken av elsyklar aukar rekkevidda for kva som er akseptabel sykkelavstand.

#### 4.2. Godt tilgjenge for gåande, syklende og kollektivtrafikk

At fleire sykklar og går til daglege gjeremål er positivt både med tanke på å redusere utslepp av klimagassar frå persontransport og for å betre folkehelsa. I tillegg er tilrettelegging for gåing og sykling særleg viktig for dei som ikkje kan køyre bil til sine daglege gjeremål. Dette gjeld i særleg grad born og unge, men og andre innbyggjarar som ikkje kan køyre bil.

For å få fleire til å sykle og gå må ein både gjere reisa til fots eller på sykkel så optimal som mogleg, samstundes som det må gjerast mindre lettvent å nytte bilen. Desse tiltaka bør kombinerast for at dei gjensidig skal forsterke kvarandre. Haldningsundersøkingar syner at meir og betre infrastruktur er avgjerande for å velje sykkel som framkomstmiddel. Gode løysingar for sykkelparkering er òg viktig.

Infrastruktur for gåande og syklende skal vere trygg for alle brukarar. Det er særleg viktig å leggje til rette slik infrastruktur i tilknytning til stader born og unge nyttar mykje, slik som skule, barnehage og idrettsplass.

Akseptabel gang- og sykkelavstand vil variere frå senter til senter med tanke på topografi, tilrettelegging av gang- og sykkelveggar mm. Likevel kan tabellen under sjåast på som eit utgangspunkt for akseptabel gang- og sykkelavstand. Det å etablere handel og kjøpesenter innanfor avstandane bør vere ei norm for å oppnå god tilrettelegging for gåande og syklande.

Tabell 4: Akseptabel gang- og sykkelavstand (TØI rapport 1016/2009 <sup>23</sup>)

Avstand i kilometer	Gange	Sykkel
Regionsenter	1,0-1,5	2,0-3,0
Distrikts- og lokalsenter	0,8-1,0	1,5-2,0
Nærsenter	0,5-0,8	1,0-1,5

### 4.3. Styrka folkehelse og reduksjon av klimagassutslepp

Sjølv med samlokalisering av arbeidsplassar, tenestetilbod og handel vil Sogn og Fjordane også framover kjenneteiknast av spreidd busetjing og lange avstandar. Å betre framkomma langs vegane der dei største pendlestraumane går er difor vesentleg for å auke folkesetnaden sin tilgang på arbeidsplassar og tenestetilbod. Denne tematikken er utførleg handsama i kunnskapsgrunnlaget til Regional transportplan, og vi viser til dette dokumentet.

Ein konsekvens av spreidd busetjingsmønster er at mange bur i område der det ikkje er mogleg å basere sine daglege reisebehov på kollektivtrafikk. Bilen er, og vil truleg halde fram å vere, den viktigaste transportforma i store delar av fylket. Det betyr likevel ikkje at potensialet for å auke kollektivbruken i fylket er fråverande. For at potensialet skal løysast ut føreset det at det blir planlagt med dette målet for auga. Det inneber at kollektivknutepunkta blir plassert sentralt i nærleiken av viktige arbeidsplassar og tenestetilbod i kommune-, region- og fylkessenter. Dersom desse funksjonane ikkje er plassert innan gangavstand frå eit kollektivknutepunkt aukar tilbøyelegheita til å nytte bilen som transportform. I kommunar med stor utpendling, men der mange bur utanfor traseane for kollektivtrafikk, kan det vere naudsynt å leggje til rette for parkering ved kollektivknutepunkta for å auke bruken av kollektiv.

Styrking og tilpassing av moglegheita til å reise kollektivt internt i BAS-regionane, både for vaksne som pendlar til arbeid og for ungdom som pendlar til vidaregåande skule, er viktige verkemiddel for å styrke BAS-regionane. For mange elevar i vidaregåande skule kan eit manglande kollektivtilbod bety at dei må flytte heimefrå når dei begynner på vidaregåande skule. Tilpassa kollektivtilbod kan difor i delar av fylket vere ein måte å la ungdom bu heime lenger. Om fleire arbeidstakarar pendlar med kollektivtransport til arbeid kan dette i tillegg bidra til å redusere samla utslepp av klimagassar frå transport. Ved tilrettelegging av kollektive ruter bør ein ta omsyn til at BAS-regionar strekker seg over fylkesgrensene, og at innbyggjarar pendlar begge vegar over fylkesgrensene. For meir utfyllande gjennomgang av kollektivsatsing og ruteproduksjon viser vi til Regional transportplan som sektorplan for desse tema.

<sup>23</sup> Nilsen m.fl (2009) TØI rapport 1016/2009, . Prinsipper og retningslinjer for handel i regionale planer – innspill til veileder.

#### 4.4. Parkering og parkeringsregulering

Store delar av fylket har spreidd busetnad der om lag 40 % av innbyggjarane bur utanfor tettbygde strøk (SSB). I kommunar med lågt folketal, spreidd busetnad og relativt store avstandar blir mykje av transportbehovet dekkja med bil.

God handtering av parkering i sentrumsområda, med tanke på avgrensing og lokalisering, er viktig for attraktiviteten<sup>24</sup>. Bilen kan med fordel plasserast på skuggeside av bygg, under bakkeplan eller i randsona ut mot til dømes trafikkert veg.

Ved å begrense talet parkeringsplassar kan myndigheitene påverke lokalisering av verksemder. Viss det tillatast få passar i tilknytning til eit prosjekt, vil utbyggjar truleg vurdere ei meir sentral lokalisering eller ein stad med god kollektivdekning.

I eit miljøperspektiv kan parkeringsregulering ha mange føremål<sup>25</sup>:

- Begrense trafikken og utvikle eit trivlegare bymiljø/lokalmiljø
- Redusere lokal miljøbelastning (støy, luftforureinig) og trafikkfare
- Leggje til rette for auka gange, sykling og kollektivtrafikk ved å frigjere gateareal
- Sikre parkering for grupper med spesielle behov
- Skape tettare og meir attraktive sentrumsområde og styrke sentrumhandelen si konkurransevne
- Synleggjere kostnadane for parkering og bidra til rimelegare bustader

#### 4.5. God arealbruk

For å redusere inngrep i landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) kan kommunane trekkje klare, langsiktige grenser mellom LNF-områder og utbyggingsområde. LNF-område som er viktige for matproduksjon bør bevarast mest mogleg samanhengande, og kan fastsetjast i kommuneplanar til dei enkelte kommunane. Det skal leggjast vekt på å oppnå god samanheng og samband mellom grønstruktur innanfor og utanfor byggesona. Det bør utførast landskapsvurderingar og kartlegging av biologisk mangfald som grunnlag for omsynssoner for landskap eller biologisk mangfald. Det skal vere god tilgang til gode opplevings- og aktivitetsområde frå bustadområde slik at det gir moglegheit for leik og variert friluft- og idrettsaktivitet.

Ei tydeleg grense for skilje mellom byggjeareal og område for bevaring kan vere kjerneområde for landbruk. «Kjerneområde for landbruk omfattar dei viktigaste jordbruksareala i Sogn og Fjordane – basert på ei overordna vurdering av produksjonsverdi, områdestorleik, grad av samanhengande struktur, driftsmessige forhold og kulturlandskapsverdiar». Føremålet med kjerneområda er å gje landbruksnæringa forutsigbare arealvilkår i område sentrale for matproduksjon. Kjerneområda bør innarbeidast i kommuneplanane som omsynssoner, og leggje til rette for at kommunane følgjer ei utbyggingslinje der omsynet til landbruksproduksjon konsekvent respekterast. Der tettstadsutviklinga kan utfordre viktige landbruksinteresser, oppfordrast kommunane til å fastsetje ei langsiktig grense mellom by-/tettstad og landbruksområda i kommuneplanen sin arealdel.

Eit anna viktig tiltak kan vere å planlegging og sikre ein heilskapleg blå- grøn struktur. Dette kan gje grunnlag for friluftsliv, ferdsel og aktivitet, i tillegg til at ein kan bevare biologisk mangfald,

---

<sup>24</sup> Nilsen m.fl (2009) TØI rapport 1016/2009,. *Prinsipper og retningslinjer for handel i regionale planer – innspill til veileder*.

<sup>25</sup> Jan Usterud Hansen m.fl. TØI. 2017. Parkeringsregulering.

kulturminne og kulturmiljø. Blå- grønne strukturar er i tillegg eit viktig tiltak for klima- og flaumregulering.

#### 4.6. Konsekvensar for regional planføresegn

- ❖ Eit viktig utgangspunkt for at eit senter skal fungere optimalt er at flest mogeleg tilbod og funksjonar er lokalisert innanfor ei gangbar kjerne. For å få fleire til å sykle og gå må ein både gjere reisa til fots eller på sykkel så optimal som mogleg, samstundes som det må gjerast mindre lett vint å nytte bilen. Haldningsundersøkingar syner at meir og betre infrastruktur er avgjerande for å velje sykkel som framkomstmiddel. Gode løysingar for sykkelparkering er òg viktig. Akseptabel gang- og sykkelavstand er høgare for regionsenter enn for nærsenter.
- ❖ Ein konsekvens av spreidd busetjingsmønster er at mange bur i område der det ikkje er mogleg å basere sine daglege reisebehov på kollektivtrafikk. Bilen er, og vil truleg halde fram å vere, den viktigaste transportforma i store delar av fylket. For at kollektivtrafikk skal nyttast må kollektivknutepunkta bli plassert sentralt i nærleiken av viktige arbeidsplassar og tenestetilbod i kommune-, region- og fylkessenter.
- ❖ God handtering av parkering i sentrumsområda, med tanke på avgrensing og lokalisering, er viktig for attraktiviteten. Bilen kan med fordel plasserast på skuggeside av bygg, under bakkeplan eller i randsona ut mot til dømes trafikkert veg. Parkeringa i sentrum bør helst vere samla i fellesanlegg, gjerne underjordisk.
- ❖ Ved å avgrense talet parkeringsplassar kan myndigheitene også påverke lokalisering av verksemder. Viss det tillatast få passar i tilknytning til eit prosjekt, vil utbyggjar truleg vurdere ei meir sentral lokalisering eller ein stad med god kollektivdekning.
- ❖ Der tettstadsutviklinga kan utfordre viktige landbruksinteresser, oppfordrast kommunane til å fastsetje ei langsiktig grense mellom by-/tettstad og landbruksområda i kommuneplanen sin arealdel.

## 5. REFERANSAR

- Asplan Viak. «Handelsanalyse for Sogn og Fjordane, 2016.» Vitja 27. november 2018.  
<https://docplayer.me/20073745-Sogn-og-fjordane-fylkeskommune-handelsanalyse-for-sogn-og-fjordane-utgave-1-dato-2016-06-03.html>.
- Ditte Maltha Mallund. «Norsk e-handel 2018 - alt du trenger å vite om e-handel i Norge 2018». Oslo: DIBS AS. Vitja 1. oktober 2018. <https://info.dibs.no/hubfs/Norsk%20e-handel%202018/Final%20report/Norsk%20e-handel%202018.pdf?hsCtaTracking=d85599d8-68fa-4209-9d16-7956f84da9cd%7C79853611-1e6b-404e-9f6d-b85fd25a0028>.
- Fredriksen, Jan Ivar. «handelslekkasje». *Store norske leksikon*, 28. september 2014.  
<http://snl.no/handelslekkasje>.
- Halseth, Arve, Gry D. Hamarsland, Jan Elling Rindli, Olav Eidammer, Randi Hjorthol, og Stein Erik Grønland. «E-handel - konsekvenser for transport og miljø». Transportøkonomisk institutt, SITMA AS Logistikk og ECON Stener for økonomisk analyse, 2002.  
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/sd/rap/2002/0008/ddd/pdfv/163623-e-handel-miljo.pdf>.
- Hordaland fylkeskommune. «Mal for handelsanalyse i Hordaland.», 6. mai 2018.  
<http://www.hordaland.no:8090/nn-NO/plan-og-planarbeid/planlegging-av-handelsareal/sok-om-smatykke-til-handlesareal-i-reguleringsplan/>.
- — —. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland». Vitja 3. oktober 2018.  
[https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland\\_web.pdf](https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland_web.pdf).
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. «Merkur-programmet». Innhold. Regjeringa.no, 28. september 2018. <https://www.regjeringen.no/nn/tema/kommuner-og-regioner/regional--og-distriktpolitikk/lokal-samfunnsutvikling1/merkurprogrammet/id2476004/>.
- Miljøverndepartementet. «Planlegging av by- og tettstedsstruktur - oppfølging av kjøpesenterstoppen i regionale planer», 2001.  
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/md/bro/2001/0012/ddd/pdfv/143998-t-1365.pdf>.
- Møreforskning. «Merkur leker ikke butikk - resultateffektivisering og forvaltningseffektivitet ved KMDs satsing på utkantbutikker». Møreforskning Volda og Høgskulen i Volda, 2014.
- Norsk klimaservicesenter. «Klimaprofil Sogn og Fjordane». Vitja 19. november 2018.  
<https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-sogn-og-fjordane>.

- Pyramiden senter. «Pyramiden - Kontakt». Pyramiden | Gaupne | Pyramiden Senter. Vitja 3. oktober 2018.  
<https://www.pyramidensenter.no/kontakt>.
- «Shop Direct Celebrates 20 Years of Online Shopping». *Shopdirect.Com* (blog), 11. august 2014.  
<https://www.shopdirect.com/shop-direct-celebrates-20-years-online-shopping/>.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune. «Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur». Vitja 3. oktober 2018.  
<https://sfjfk.custompublish.com/getfile.php/4176519.2344.nazlnbnui7pnn/Strategi%20for%20tettstadutvikling%20og%20senterstruktur.pdf>.
- SSB. «Tettsted». Variabeldefinisjon, 2002. <https://www.ssb.no/a/metadata/conceptvariable/vardok/141/nb>.
- . «Økonomisk vekst». Økonomiske analyser 1/2017. Vitja 25. oktober 2018.  
[https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/299062?\\_ts=15ac6f20450](https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/artikler-og-publikasjoner/_attachment/299062?_ts=15ac6f20450).
- Transportøkonomisk institutt. «Fakta om handel, kjøpesenter og transport». TØI-rapport 1087/2010, 2010.  
<https://www.toi.no/getfile.php/1314877/Publikasjoner/T%C3%98I%20rapporter/2010/1087-2010/1087-2010-sam.pdf>.
- «Vekst i husholdningenes disponible realinntekt». ssb.no. Vitja 25. oktober 2018.  
<https://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/artikler-og-publikasjoner/inntektsokning-for-husholdningene--342509>.

## VEDLEGG

### Vedlegg 1: Definisjonar

Omgrep	Definisjon/forklaring
<b>Big box</b>	Sjå plasskrevjande handel.
<b>Bransjegljiding</b>	Der det tidlegare vart skilt mellom detaljhandel og plasskrevjande varer, ser ein no at det i butikkar med plasskrevjande varer vert selt varer som i seg sjølv ikkje er arealkrevjande. Dette utfordrar skilje mellom plasskrevjande varer og utvalsvarer. <sup>26</sup>
<b>Bruksareal (BRA)</b>	Bruksareal kan nyttast om: bruksareal for bygg på ei tomt, for ein bygning, for ein brukseining, for ei etasje, og for ope overbygd areal. I bruksareal for bygg på ei tomt inngår bygningar, ope overbygd areal og parkeringsareal. Bruksareal for ein bygning er summen av bruksarealet for alle måleverdige plan og etasjar. Bruksareal for eit plan eller ei etasje er det arealet av planet som ligg innanfor ytterveggane. (T-1459 Grad av utnytting) <sup>27</sup>
<b>Bruksareal handel</b>	Etter Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesenter omfattar bruksareal for handel fellesareal og leigetakars bruksareal som består av salsflate, lagerlokale, spiserom/kantine og kontorareal. <sup>28</sup>
<b>Daglegvarehandel</b>	Detaljhandel med hovudvekt på mat / nærings- og nyttingsmidlar. <sup>29</sup>
<b>Dekningsgrad</b>	Dekningsgrad på 100% (handelsbalanse) vil seie at detaljhandelen si omsetjing i eit område svarar til befolkninga som er busett i området sitt kjøp av varer frå detaljhandelen. <sup>30</sup>
<b>Detaljhandel</b>	Vidaresal (sal utan omdanning) hovudsakeleg til offentlegheita av nye og brukte varer til personleg bruk eller til hushaldsbruk, frå fast utsalsstad. <sup>31</sup>
<b>Gang- og sykkelavstand</b>	Når det gjeld daglege gjeremål blir gangavstand ofte rekna som opptil ein kilometer, avhengig av kva gjeremål ein har. For innkjøp av daglegvarer blir akseptabel gangavstand ofte redusert til 500 meter. Stigningar i terrenget reduserer avstanden folk er villige til å gå. Når det gjeld akseptabel sykkelavstand til daglege gjeremål blir denne ofte rekna til 5 km. Også her vil terrenget spele inn. Bruken av elsyklar aukar rekkevidda for kva som er akseptabel sykkelavstand. <sup>32</sup>

<sup>26</sup> Hordaland fylkeskommune, Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

<sup>27</sup> Hordaland fylkeskommune, Regional plan for attraktive senter i Hordaland

<sup>28</sup> Hordaland fylkeskommune, Regional plan for attraktive senter i Hordaland

<sup>29</sup> Hordaland fylkeskommune, Regional plan for attraktive senter i Hordaland

<sup>30</sup> Hordaland fylkeskommune, «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

<sup>31</sup> Hordaland fylkeskommune, «Mal for handelsanalyse i Hordaland.»

<sup>32</sup> Sogn og Fjordane fylkeskommune.

<b>Handelsanalyse</b>	Gjennom handelsanalyse skal ein sikre at sakar som gjeld ny handelsetablering blir tilstrekkeleg opplyst før ein tar ei avgjerd. Analysen skal sikre at dimensjonering og lokalisering av nytt handelsareal blir tilpassa stadens storleik, funksjon og handelsomland. Med handelsanalyse etter Regional plan for attraktive senter meinast ikkje ei marknadsundersøking i tradisjonell forstand som vurderer lønnsemd for den næringsdrivande. <sup>33</sup>
<b>Handelslekkasje</b>	Dekningsgrad på under 100% tyder handelslekkasje – at befolkninga som er busett i området dreg ut av omlandet for å handle. <sup>34</sup>
<b>Handelsomland</b>	Geografisk område som soknar til ei handelsetablering/eit senter – befolkninga i dette området er grunnlaget for dimensjonering av bruksareal for handel. <sup>35</sup>
<b>Handelsoverskot</b>	Dekningsgrad på over 100% tyder handelsoverskot – at området trekk til seg kjøpekraft frå andre område. <sup>36</sup>
<b>Handelspark</b>	Konsentrasjon av handelsverksemd lokalisert i fleire einingar innanfor eit område. Handelsparkane har vanlegvis ekstern plassering og framstår for kundane og lokaliseringmessig som ei eining, sjølv om det som oftast er fleire einingar og omfanget av felles marknadsføring og drift er begrensa. <sup>37</sup>
<b>Handelsverksemd</b>	All form for verksemd som driv med sal av varer til private sluttbrukarar. <sup>38</sup>
<b>Kjøpekraft</b>	Ein person eller ei gruppe si evne (bestemt av inntekt og prisnivå) til å kjøpe varer og tenester. <sup>39</sup>
<b>Kollektivknutepunkt</b>	Stader i kollektivnettet kor kollektivlinjer kryssar eller tangerar kvarandre, og kor det skjer omstigning mellom kollektive transportmiddel. <sup>40</sup>
<b>Netthandel (også kalla elektronisk handel/e-handel)</b>	Med elektronisk handel og forretningsdrift meinast alle former for kommersielle transaksjonar og forretningsverksemd over elektroniske nett. Desse transaksjonane kan være knytt til bestilling, betaling og levering av fysiske varer og tenester, samt overføring av digitaliserte varer og tenester. <sup>41</sup>
<b>Omland</b>	Geografisk område som soknar til eit senter. <sup>42</sup>

<sup>33</sup> Hordaland fylkeskommune. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

<sup>34</sup> Hordaland fylkeskommune. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

<sup>35</sup> Hordaland fylkeskommune. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

<sup>36</sup> Hordaland fylkeskommune. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

<sup>37</sup> «Prinsipper og retningslinjer for handel i regionale planar». Transportøkonomisk institutt.

<sup>38</sup> Regional planbestemmelse i regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland

<sup>39</sup> Det norske akademis ordbok

<sup>40</sup> Hordaland fylkeskommune. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

<sup>41</sup> Halseth mfl., «E-handel - konsekvenser for transport og miljø».

<sup>42</sup> Hordaland fylkeskommune. «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».



<b>Plasskrevjande varer</b>	<p>Enkeltstående aktør som driv i eige bygg med tilhøyrande uteareal. Varehusa består ofte av lager og showroom, og forhandlar store kvanta, tyngre faghandel til ein rimeleg pris. Vanlegvis ein del av ei kjede.</p> <p>Døme: XXL, IKEA</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Andre omgrep: big-box, storhandel, arealkrevende, tyngre faghandel, storhandelskonsept.</li> </ul> <p>I dette arbeidet vert plasskrevjande varer definert som: Bilar, båtar, landbruks- og anleggsmaskiner, trelast og større byggevarer.</p>
<b>Senterstruktur</b>	Strukturen av senter i heile fylket. Omgrepet senterstruktur omfattar både det einskilde senteret i relasjon til omlandet, og relasjonen mellom dei ulike sentera. <sup>43</sup>
<b>Sentrum</b>	Den mest sentrale delen av byen eller tettstaden. Sentrum er eit konsentrert og avgrensa område med ein gangbar kjerne. <sup>44</sup>
<b>Storhandelskonsept</b>	Sjå plasskrevjande varer
<b>Tettstad</b>	Ei hussamling skal registrerast som ein tettstad dersom det bur minst 200 personar der (ca. 60–70 bustader). Avstanden mellom husa skal normalt ikkje overstige 50 meter. Det er tillate med eit skjønsmessig avvik utover 50 meter mellom husa i område som ikkje skal eller kan bebyggast. Dette kan f.eks være parkar, idrettsanlegg, industriområde eller naturlege hindringar som elver eller dyrkbare områder. Husklynger som naturleg høyrer med til tettstaden tas med inntil en avstand på 400 meter fra tettstedskjerna. Disse husklyngene kallast tettstadssatellittar.» <sup>45</sup>
<b>Universell utforming</b>	Utforming eller tilrettelegging av hovudløysingar i dei fysiske forholda, medrekna informasjon- og kommunikasjonsteknologi, slik at den alminnelege funksjonen kan nyttast av flest mogleg. (jf. Diskriminerings- og tilgjengelighetslova) <sup>46</sup>

<sup>43</sup> Hordaland fylkeskommune, «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

<sup>44</sup> Hordaland fylkeskommune.

<sup>45</sup> SSB, «Tettsted». 2018

<sup>46</sup> Hordaland fylkeskommune, «Regional plan for attraktive senter i Hordaland».

## Vedlegg 2: Oversikt over nasjonale og regionale føringer

Nye planarbeid må vere i tråd med gjeldande regionale planar og nasjonale føringer. Dette er viktig for å sikre eit føreseieleg og målretta plansystem.

### *Nasjonale forventningar til regional og kommunale planlegging (2015)*

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Forventningane er knytt til gode og effektive planprosessar, planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt og planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstodområder spesielt.

Sentrale forventningar er:

- Fylkeskommunane og kommunane legg vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.
- Fylkeskommunane og kommunane samarbeider om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Ein set av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde og legg til rette for nye og grønne næringer som er knytte til jordbruk og skogbruk. Døme kan vere grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.
- Kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikkk for å skape eit godt og levande bymiljø. Kommunane legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Ein bør leggje vekt på å få til eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet. Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element blir tekne aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.
- Kommunane sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagelivet, og sikrar samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet. Ein utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.

### *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)*

Føremålet med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og bidra til meir effektive planprosessar.

Eit av måla med retningslinjene er at planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremja samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling samt fremje helse, miljø og livskvalitet.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremja utvikling av kompakte byar og tettstader, redusera transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. I følge retningslinjene skal det bli lagt til rette for at handelsverksemd og andre publikumsretta private og offentlege tenestetilbod kan bli lokalisert ut frå ei regional heilskapleg vurdering tilpassa eksisterande og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkt.

### *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)*

Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og anna utøving av myndigheit og verksemd stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutlegg, samt auka omlegging til miljøvennleg energibruk. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet blir førebudd og tilpassa klimaendringane (klimatilpassing). Klimatilpassing og utsleppsreduksjon må sjåast i samanheng der det er relevant. Det er viktig å planlegge for løysningar som både reduserer utsleppa og reduserer risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar.

Kommunane og fylkeskommunane skal i si overordna planlegging innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusera utslepp av klimagassar, eksempelvis tiltak mot avskoging.

Ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det bli vurdert korleis omsynet til eit endra klima kan bli ivarettatt. Det bør bli lagt vekt på gode heilskapelege løysningar og ivaretaking av økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing, som også kan bidra til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvatnhandtering.

### *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)*

Føremålet med rikspolitiske retningslinjer er å:

- Synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningsloven.
- Gi kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unge sine interesser i si planlegging og byggesakshandsaming.
- Gi eit grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesser kjem i konflikt med andre omsyn og interesser.

### *Regional planstrategi (2016)*

Planstrategien skal kartlegge utfordringar i fylket og finne ut korleis ein kan føre fylket i ynskt retning. Regional planstrategi 2016-2020 ser (1) globalisering og sentralisering, (2) Migrasjon og inkludering, (3) kvinner, utdanning og arbeidsmarknad, (4) verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet og (5) klimaendringane som sentrale utfordringar for fylket.

Sentrale strategiar for å løyse desse utfordringar og som også er relevant for handelsføresegna er å styrke bustad-, arbeids- og serviceregionane, samstundes som ein skapar gode råmer for utvikling i mindre sentrale område. Ein skal betra attraktiviteten til fylket, legge til rette for tenesteytande og kreative næringar, samt redusere utslepp.

### *Fylkesdelplan for arealbruk (2000)*

Fylkesdelplan for arealbruk blei vedteke 18.10.2000. Frå den er retningslinene trekt ut og sett opp som ei samla sjekklister for å gjere det enklare for planleggar/sakshandsamar å sjekke om retningslinene blir følgt i planarbeidet i kommunane. Dette utdraget utgjer den aktive delen av planen.

Arealbruksbehovet har endra seg mykje sidan 2000, eksempelvis har nye næringar eit anna behov for areal. Busetnadsmonsteret har endra seg og det er eit større press på byar og tettstader. Det har også kome nye retningslinjer og statlege forventningar til regional og kommunal planlegging.

### *Regional plan for folkehelse (2015)*

I regional plan for folkehelse 2015-2025 er gode bu- og nærmiljø eit av fem satsingsområde. Kvalitetane i bu- og nærmiljø påverkar innbyggjarane si helse. Lokalisering av handel og kjøpesenter

er difor eit plantema der det er relevant å implementere folkehelseperspektivet. Det er viktig å fremja:

- Bu- og nærmiljø der alle (på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn) kan delta.
- Kompakte tettstadar, med korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål.
- Gode transportordningar/kollektivtilbod for spreiddbygde område der avstand mellom bustad og daglege gjeremål er stor.
- Universelt utforma og livsløpstilpassa bu- og nærmiljø, som er trygge å ferdast i og som førebygg skader og ulykker.
- Bu- og nærmiljø som er lagt til rette for gåande og syklende.
- Bu- og nærmiljø med gode estetiske kvalitetar.

### *Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (2018)*

Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling skal gje Sogn og Fjordane sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar (BAS-regionar), med meir attraktive tettstader som utfyller og styrkar kvarandre. I strategien finn ein retningslinjer knytt til attraktive tettstader, attraktive bustader og sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur legg føringar for handelsføresegna. Under følgjer retningslinjene som er mest sentrale:

- Førde er fylkessenter, Sogndal er regionsenter i Sogn, Florø er regionsenter på kysten, medan Nordfjord ikkje har eit dominerande regionsenter (her skal regionsenterfunksjonar delast mellom Måløy, Eid, Sandane og Stryn). Fylkes- og regionsenter er naturleg lokaliseringstad for handels- og servicetilbod som dekkjer høvesvis fylket og regionane.
- I sentera i BAS-regionane bør det leggast til rette for å samlokalisere handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag, og tener større område enn den einskilde kommunen.
- Førde, Florø, Sogndal, Nordfjordeid, Stryn, Måløy, Sandane, Dale, Høyanger og Årdal er senter i BAS regionane.
- Senterstrukturen skal leggast til grunn for planlegging og forvaltning
- I sentrum bør det kartleggast og etablerast attraktive møteplassar for ulike målgrupper.
- I sentrum bør bygningar ha god arkitektonisk utforming, med aktive, opne fasadar i fyrste etasje mot handlegater og sentrale uterom.
- Nytt bruksareal for detaljhandel bør lokaliserast innanfor sentrumsområde som er definert i kommuneplan eller områderegulering.

### *Regional plan for verdiskaping (2014)*

Handel er ikkje eit satsingsområde i Verdiskapingsplanen, men ei av målsetjingane i planen er størst mogleg arbeidsplassvekst i fylket. I 2017 var det 4 050 sysselsette personar i Sogn og Fjordane som arbeida i detaljhandelen. Det svarar til over 7 % av dei som er sysselsett i fylket. Det er derfor ikkje tvil om at handel er viktig for arbeidsplassutviklinga i fylket.

Reiseliv er derimot ei satsing i regional plan for verdiskaping. Eit mål er at turistane som besøker fylket, skal legge att mest mogleg pengar her. Attraktive sentrumsområde er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette målet.

### *Regional transportplan (2017)*

Regional transportplan har mellom anna som mål å auke talet gåande og syklende ved overføringa av reiser frå bil. Det samla talet på daglege reiser til fots eller sykkel i Sogn og Fjordane skal auke til 35 % av daglege reiser innan 2027 og talet på syklende skal auke årleg i dei 10 største tettstadane i fylket. I

samband med regional transportplan blei det også vedteke ein gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane. Eit av tiltaka som blir løfta fram for å få fleire til å sykle og gå er meir konsentrerte by- og tettstadsstrukturar.

Planen har også som mål at kollektivtilbodet skal vere godt og teneleg for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane og for alle som vitjar eller er på gjennomreise. For å sikre at det skal vere enkelt å nytte kollektivtransport, bør handel og næringsverksemd bli lagt nær eksisterande eller planlagde kollektivknutepunkt (jf. statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging).

Bilen vil framleis vere hovudtransportmiddel over lengre avstandar for mange i lang tid framover. Klimagassutslepp frå personbilar og varebilar/tunge køyretøy utgjør ein stor del av det totale utslepps nivået frå transportsektoren. Det er difor viktig at det blir lagt til rette for ein utskifting mot ein klimavenleg bilpark. Ei viktig føresetnad for å auke tal elbilar i fylket er omfattande utbygging av ladestasjonar, og då fortrinnsvis hurtigladdestasjonar.

### *Regional plan for klimaomstilling (2018)*

Regional plan for klimaomstilling er aktuell for handelsføresegna. Kvar handel og kjøpesenter er plassert påverkar transportbehovet i området, og tilhøyrande behov for kollektivtransport, lademoglegheiter og utslepp knytt til desse. Relevante temamål er:

- Næringslivet i fylket skal bidra til klimaomstilling gjennom ei styrka grøn konkurransekraft.
- Samordna areal-, bustad og transportplanlegging bidreg til reduksjon i klimagassutslepp og tilpassing til klima i dag og i framtida.
- Sogn og Fjordane reduserer og effektiviserer energibruk i bygg.
- Gjennom eit endra og redusert forbruk bidreg Sogn og Fjordane til utsleppsreduksjon og klimaomstilling i samfunnet.
- Gjennom utvikling av kompetanse og kunnskap reduserer Sogn og Fjordane klimasårbarheita si, og er godt nok budd på dagens og framtidige klimautfordringar.

Utvalde mål er:

- M6.1: Jamfør nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og statlig planretningslinjer for klima- og energiplanlegging har Sogn og Fjordane eit berekraftig utbyggingsmønster som stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, samt unngår nedbygging av verdifulle areal.
- M7.1: Jamfør Regional transportplan vert det auke talet på gåande og syklande ved overføring av reiser frå bil.
- M7.2: I områder med potensiale for å auke andelen kollektivreisande har fylkeskommunen, kommunane og næringslivet ein dialog om tiltak for å auke dette.
- M8: Sogn og Fjordane reduserer utslepp av klimagassar frå transportsektoren ved omlegging frå bruk av fossile drivstoff til transportmiddel med låg- eller nullutslepp.
- M14: Sogn og Fjordane opprettheld arealet av dyrka og dyrkbar mark.
- M18.2: Alle arealplanar har generelle føringar for ivaretaking, utvikling og re-etablering av:
  - Blå-grøne strukturer<sup>47</sup> som førebygging av flaum og lokal handtering av overvatn og mykje nedbør.
  - Areal som er verdifulle med tanke på å binde CO<sub>2</sub> eller som sikring av naturhendingar.

### *Fylkesdelplan for landbruk (2002)*

Hovudmålet for fylkesdelplanen er livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane. For å oppnå dette målet er det sett ei rekke delmål som legg føringar for handelsføresegna:

---

<sup>47</sup> Vegetasjonskleddede områder inkludert områder med vatn

- Halde på fylket sin relative del av matproduksjonen i Norge
- Vedlikehalde og fornye kulturlandskapet
- Auke næringsmessig utnytting i skog og utmark
- Styrke økonomien for bygdenæringane
- Bygda som ein god plass å bu

Det er også lagt ei rekke strategiar. Dei to mest sentrale strategiane er å:

- Oppretthalde produksjonsarealet, m.a. ved strengt jordvern for dei beste og mest samanhengande jordbruksareala i tråd med vedtak i fylkesdelplan for arealbruk
- Tilflytting til bygdene, m.a. ved å utvikle samspelet mellom sentrum og bygdene

### *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane (2018)*

Regional plan for kultur er aktuell for planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Regional plan for kultur har kultur for alle som overordna mål. Planen handlar m.a. om korleis kulturfeltet kan bidra til å skape gode lokalsamfunn og korleis ein kan nytte ut og vidareutvikle kulturelle kraftsenter i fylket. Målet er eit samfunn der alle som bur kjenner seg heime og som er attraktivt å flytte til.

Lokalsamfunna må ha møteplassar som gir rom for variert aktivitet og mangfald. Kulturskular, bibliotek, grendehus/ungdomshus, idrettsarenaer, friluftsområde og frivillige organisasjonar finst i alle kommunane. Dei lokale møteplassane må vidareutviklast meir systematisk, slik at vi sikrar varierte aktivitetar tilpassa mange ulike brukargrupper. Å byggje opp aktivitetstilbod inngår i kommunane sitt arbeid for å oppretthalde livskraftige lokalsamfunn, i sentrumsutvikling og næringsutvikling.

Biblioteket har ein viktig funksjon som formidlingsarena og møteplass. Ikkje minst er dette viktig for grupper som barn og unge, flyktningar og innvandrar og eldre. Mål om best mogleg tilgjengelegheit, universell utforming må liggje til grunn ved utforming og lokalisering av bibliotektilbodet i kommunane. Kulturindeksen 2017 peikar på at kino er det kulturtilbodet som størst del av befolkninga nyttar seg av. Dette er òg eit tilbod som går på tvers av sosioøkonomiske skiljelinjer. Det er eit mål å sikre og byggje ut eit godt kinotilbod i heile fylket.

Verdiskaping på kulturminneområdet skjer mellom anna utvikling av kulturminna som verdier i lokalsamfunna. Spørsmål om sårbarheit og berekraft er sentrale, og vern gjennom bruk er eit viktig prinsipp. Utviklinga må vere på kulturminna sine premisser.

### Vedlegg 3: Oversikt over prosessen

Fylkesutvalet bad i sak 47/14 den 14.04.2014 om: «at det vert teke initiativ til å endre delar av kap. 3.2.4 i fylkesdelplan for arealbruk, slik at avgrensingane i gjeldande plan for arealbruk til utbygging av kjøpesenter i alle kommunane i Sogn og Fjordane, vert endra».

Eitt år etter vedtok fylkesutvalet i sak 42/15 Uttale til rullering av kommuneplanen sin arealdel 2014/2026. Førde kommune: «Dersom etablering av handelsparken skulle vere i strid med gjeldande fylkesdelplan og rikspolitiske retningslinjer for kjøpesenter (kjøpesenterforskrifta), ber fylkesutvalet om at det om nødvendig blir tatt initiativ til å endre fylkesdelplanen slik at denne blir i samsvar med handelsparken.»

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020 (RPS) blei vedtatt i sak 23/16 i fylkestinget 14.06.2016. RPS er førande for arbeidet med den regionale planlegginga i perioden. I RPS såg ein behov for å utarbeide ny regional plan for arealbruk. Bakgrunnen var mellom anna at den gjeldande fylkesdelplanen for arealbruk ikkje tek høgde for mange av lov- og forskriftsendringar gjort etter år 2000. Dessutan var arbeidet med regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra under arbeid. Denne føresegna skulle erstatte delar av fylkesdelplanen, og ein vedtok at arbeidet med ny regional plan for arealbruk skulle bli gjennomført i perioden 2018-2020.

Eit halvt år etter blei regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra vedtatt i sak 54/16. I vedtaket står det: Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» vedteken. Planføresegna erstattar kap. 3.2.4 i gjeldande sjekklister i fylkesdelplan for arealbruk, vedteken 18.11.2000.

Fylkestinget syner til at Fylkesdelplan for arealbruk (no regional plan) skal reviderast i 2018. Fylkestinget føreset at føresegna blir revidert på nytt i samband med dette, særleg med omsyn til ikkje å vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

I sak 34/17 i fylkestinget blei det bestemt at arbeidet med ny regional plan for arealbruk skulle starte hausten 2018, og at det var behov for ei nærare avklaring når det gjaldt føremål, innhald og avgrensing av planen.

#### *Planarbeidet blir forankra i fylkestinget*

Grunna fylkessamanslåinga var det trong for å revidere framdrifta av planarbeid i gjeldande planstrategi. Det har i mindre grad noko føre seg å starte opp eigne planarbeid før fylkessamanslåinga, i tillegg krev det førebuande arbeidet med felles planstrategi for Vestland fylke mykje ressursar. Fylkestinget vedtok derfor [12.06.2018](#) i sak 29/18 mellom anna at «Arbeidet med revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter vert starta opp hausten 2018. Oppstart av arbeidet med ein ev. Regional plan for arealbruk vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.»

#### *Oppstart og planprogram på høyring og offentleg ettersyn*

Fylkesutvalet behandla den [26.09.2018](#) i sak 100/18 planprogrammet for revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Fylkesutvalet varsla oppstart for revisjonsarbeidet og la samstundes utkastet til planprogrammet ut til offentleg ettersyn og høyring fram til 9. november 2018.



### Høyringsperiode

Oppstart av revisjonsarbeidet blei varsla ved at ei pressemelding blei sendt ut og publisert på [heimesida til fylkeskommunen](#) den 28.09.2018.

Utkastet til planprogram blei [sendt ut](#) til alle kommunane i fylket, nabofylka, Statens vegvesen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, bygdelag, kollektivselskap og transportnæringa (totalt 84 mottakarar). I tillegg blei planprogrammet lagt ut til offentleg ettersyn på [heimesida til fylkeskommunen](#) og som eit fysisk eksemplar på fylkeshuset på Leikanger.

Fristen for å kome med innspel var 9. november 2018. Det kom inn ni fråsegner med totalt 46 innspel knytt til åtte ulike tema.

### Vedtak av planprogram

Fylkesutvalet behandla planprogrammet på møte 3. desember 2018, sak nr. [136/2018](#).

### Vedlegg 4: Omsetnad i kommunane og fylket 2008-2017

Under følgjer fire tabellar som viser omsetnad i kvar enkelt kommune i fylket og for Sogn og Fjordane under eitt for varegruppene daglegvarer, utvalsvarer, utvals-/unntaksvarer og unntaksvarer.

I kommunar der det er tre eller færre utsalsstader for ei varegruppe er omsetnadstala ikkje oppgitt grunna anonymitets- og konkurranseomsyn. Det vil sei at ein i mange kommunar har eit tilbod innanfor det gitte næringsgruppa sjølv om det er oppgitt 0 i tabellane under.

Omsetnad for daglegvarer i kommunane og fylket under eitt. Tal i 1000 NOK og løpande prisar.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Askvoll	78434	80161	86594	89420	96730	90258	96910	98007	99853	94397
Aurland	63544	67181	68142	69393	71479	67266	74671	81989	86755	94983
Balestrand	35347	32844	0	0	0	0	0	0	0	41900
Bremanger	106806	106172	105570	110063	111555	114112	118450	118317	127515	128324
Eid	178013	184688	186197	194040	199493	205748	210970	215525	272690	253312
Fjaler	81370	82922	85808	87962	90496	88961	94934	96047	103357	108694
Flora	336266	316214	343258	366574	387527	396702	423024	417085	428715	429373
Førde	424537	459198	488229	506680	557935	584144	609135	644336	625274	641140
Gaular	52756	56897	59544	62438	64039	64962	69172	69766	68635	73338
Gloppen	161086	166560	170147	176796	184376	185156	186347	192881	198477	205854
Gulen	73672	78379	79967	82391	84095	85488	93289	106418	111872	110896
Hornindal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hyllestad	41220	43611	42837	42838	44085	45347	48567	47250	48153	48900
Høyanger	121814	124379	126979	133110	134610	135298	141581	143002	147701	148475
Jølster	90136	96438	100198	103359	108278	110749	115534	123042	127036	124237
Leikanger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Luster	122417	115801	134575	146500	143995	146113	151969	153915	162969	170437
Lærdal	69999	72191	72789	72845	77028	80031	84119	87695	92860	93440
Naustdal	43237	44636	44556	46780	49521	50372	52281	48528	78319	83553
Selje	70287	73693	69604	69968	77661	78275	80848	82051	88163	87560

Sogndal	224062	257294	269902	283509	298956	319724	342950	359035	369820	379718
Solund	35429	34516	33891	34698	35667	36143	37333	36941	39212	0
Stryn	201973	220103	227042	234251	242618	248680	258124	266042	285594	302685
Vik	81718	78820	80008	82265	84108	86518	89486	95344	98966	99632
Vågsøy	186001	193966	195481	204011	210474	211615	215585	223641	240155	244469
Årdal	163944	161526	175244	186267	185507	185371	188946	198982	198713	200646
Sogn og Fjordane	3118910	3227553	3360842	3503934	3663346	3743178	3916321	4043258	4250468	4315656

Omsetnad for utvalsvarer i kommunane og fylket under eitt. Tal i 1000 NOK og løpande prisar.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Askvoll	33785	35545	39331	38957	42819	44529	48298	46812	47953	55453
Aurland	18854	19220	22987	29776	31516	36145	36962	49806	59369	74076
Balestrand	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bremanger	7803	7440	6948	6574	6143	2929	1948	0	0	0
Eid	215539	216231	211538	197711	190700	182813	190656	209381	215150	252107
Fjaler	15851	15872	17971	16140	14804	21806	15915	18100	19857	25154
Flora	301799	309108	292578	277250	279960	281219	307132	320954	327520	333057
Førde	898433	928721	930618	926833	929691	922768	952355	962034	978680	1014622
Gaular	6856	3103	0	0	0	0	0	0	0	0
Gloppen	132580	155892	136819	121659	125852	143179	153772	161492	164052	152879
Gulen	6726	6309	6524	5702	0	0	8549	10502	6932	5012
Hornindal	2279	2480	2867	2528	0	2622	2688	2800	2752	2887
Hyllestad	9364	7626	7284	0	0	0	0	0	0	0
Høyanger	48949	48685	42611	40027	43545	46715	44980	45748	51866	53967
Jølster	13028	12319	13919	14093	19262	18947	19651	16300	15386	15779
Leikanger	11760	12435	12488	12765	14239	13727	11834	10687	0	0
Luster	48981	43755	44875	47161	48237	59741	61560	45911	46960	50658
Lærdal	33330	30675	29897	30400	28989	25693	25107	24896	25884	23928
Naustdal	1401	2122	1777	848	613	801	1548	1573	865	796
Selje	5287	5175	5047	5024	6818	5474	5816	5682	5285	3754
Sogndal	360611	373891	391861	397340	408966	434048	449843	495545	508384	512576
Solund	0	0	1500	0	0	0	0	0	0	0
Stryn	207509	210633	215259	231722	261027	258990	220900	231171	223998	230780
Vik	35560	29522	27806	34934	35232	32502	34478	27999	31010	37314
Vågsøy	173746	164763	164969	189783	213219	207357	200973	215526	215194	218945
Årdal	96952	87886	89415	88099	81736	82121	88701	87331	97454	95463
Sogn og Fjordane	2689279	2731394	2718670	2721436	2798444	2835483	2890715	2996282	3057834	3172043

Omsetnad for utvals-/unntaksvarer i kommunane og fylket under eitt. Tal i 1000 NOK og løpande prisar.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Askvoll	17469	19472	19305	20087	21130	22674	26089	24525	27651	29601
Aurland	0	0	0	0	0	0	25130	0	0	0
Balestrand	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bremanger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Eid	75244	60272	64774	56652	53791	52594	60060	62637	57444	59251
Fjaler	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Flora	32555	31715	30893	35105	47590	57045	62976	58338	53887	54490
Førde	223110	311484	258661	259506	277546	270269	289326	313100	326201	344424
Gaular	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Gloppen	48418	43618	49077	53506	49306	51325	52000	52747	55031	58578
Gulen	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hornindal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hyllestad	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Høyanger	21508	21794	22441	25172	26047	23487	23441	22068	22817	21468
Jølster	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Leikanger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Luster	16498	18825	16520	16125	18052	16857	0	0	0	0
Lærdal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	13934
Naustdal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Selje	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sogndal	0	0	0	0	0	22334	29559	31117	31694	28984
Solund	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Stryn	54209	53263	51235	52709	57262	51148	56300	60832	64701	64638
Vik	12396	9951	11831	13993	15582	13922	14714	21524	26363	20854
Vågsøy	52992	41734	44675	42270	44824	39622	39335	46090	53348	36441
Årdal	76304	66473	68557	70688	63488	54146	52289	55348	0	0
Sogn og Fjordane	705344	754751	720404	733657	765890	760561	815620	850266	890666	904136

Omsetnad for unntaksvarer i kommunane og fylket under eitt. Tal i 1000 NOK og løpande prisar.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Askvoll	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Aurland	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balestrand	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bremanger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Eid	73554	115270	80008	86654	86188	95716	89944	89221	97155	102380
Fjaler	0	0	11906	12117	7527	6888	8360	10642	0	0
Flora	19647	19314	12602	14141	32205	32269	34147	35131	37090	36631
Førde	439350	461529	504077	552055	608584	648569	618051	674877	774346	895434
Gaular	5377	5411	16326	15624	32829	45597	47453	52438	34290	35957
Gloppen	114495	140024	153257	160677	162207	168566	141236	122574	134856	144406
Gulen	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hornindal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Hyllestad	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Høyanger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Jølster	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Leikanger	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Luster	11231	0	0	0	0	0	0	0	0	14851
Lærdal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Naustdal	0	0	15067	18449	0	0	0	0	0	0
Selje	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sogndal	116547	116340	131341	132181	155878	197728	181358	190510	217867	265332
Solund	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Stryn	77213	81206	63286	81611	70363	69201	66801	72917	82876	104583
Vik	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Vågsøy	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Årdal	45289	39748	48335	46934	0	0	38554	0	0	0
Sogn og Fjordane	944055	102129 8	106048 1	114759 1	126601 8	135991 2	126547 2	135424 3	148718 1	172914 9